



STORD
KOMMUNE



2012-2015

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan -Saman om utvikling og velferd



Framsidedfoto: Nina Sørli

Internasjonal marknad. Leirvik, juli 2011

2012-2015

Føreord

Dette dokumentet utgjer rådmannen sitt framlegg til formannskap og kommunestyre til budsjett og økonomiplan for åra 2012-2015. Det inneheld talbudsjett, kommentarar og framlegg til vedtak.

Stord, 19.10.2011

Magnus Mjør

Rådmann

Innhald

INNHALD	3
1. RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETTVEDTAK	5
2. INNLEIING OG SAMANDRAG	7
2.1 BUDSJETTPROSESS	9
3. RAMMEVILKÅR, OVERORDNA STYRINGSSIGNAL OG FØRESETNADER	10
3.1 FOLKETALSUTVIKLING	10
3.2 ØKONOMISKE FØRESETNADER	11
3.2.1 FRIE INNTEKTER	11
3.2.2 SKJØNSMIDLAR	12
3.2.3 MØMSKOMPENSASJON	13
3.2.4 ASYLMOTTAK, MOTTAK FLYKTNINGAR	13
3.2.5 RESSURSKREVJANDE TENESTEMOTTAKARAR	14
3.2.6 RENTE OG AVDRAGSKOMPENSASJON	14
3.2.7 LØNSVEKST OG PENSJONSKOSTNAD 2011	14
3.3 EIGEDOMSSKATT	15
4 MÅLSTYRING OG KVALITETSSIKRING 2012-2015	17
4.1 DELMÅLSETJINGAR	17
4.2 MÅL FOR ÅRET 2012 – MÅLEKART FOR STORD KOMMUNE	19
5. BUDSJETTOMRÅDA, DRIFT OG INVESTERINGAR	20
5.1 FORMANNSKAPET	21
5.1.1 POLITISK	21
5.1.2 ADMINISTRASJON, FELLESENTGIFTER	21
5.1.3 IKT	21
5.1.4 KYRKJA, KYRKJEGARDAR	22
5.2 DRIFTSSTYRET	22
5.3 KOMITÉ FOR OPPVEKST OG UTDANNING	23
5.3.1 SKULE, SFO	25
5.3.3 KULTURSKULEN	26
5.3.4 BARNEVERN	27
5.4 KOMITÉ FOR NÆRING, MILJØ OG KULTUR	28
5.4.1 KULTUR OG IDRETT	29
5.4.2 BIBLIOTEK	30

5.4.3	BRANN, REDNING OG FEIING	30
5.4.4	BEREDSKAP	30
5.4.5	VEG, GRØNT OG PARK	31
5.4.6	LANDBRUK, MILJØ OG NÆRING	31
5.4.7	REGULERING, BYGGJESAK, OPPMÅLING	32
5.5	KOMITÉ FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG	33
5.5.1	SOSIALTENESTER, NAV	35
5.5.2	SOSIAL OG FØREBYGGANDE TENESTER	35
5.5.3	HABILITERING	35
5.5.4	INSTITUSJONSDRIFT	35
5.5.5	AKTIVITET OG REHABILITERING	36
5.5.6	HEIMEBASERTE TENESTER	36
5.5.7	KUNDETORGET	36
5.5.8	BUSTADER FOR PERSONAR MED SÆRSKILTE BEHOV	37
5.6	KOMMUNALE FØRETAK	37
5.6.1	STORD KOMMUNALE EIGEDOM KF	37
5.6.2	STORD VATN OG AVLAUP KF	38
6.1.	GEBYR OG BETALINGSSATSAR	39
6.2	FINANSINNTEKTER OG –UTGIFTER, LÅNEGJELD	39

7. VEDLEGG **41**

7.1	ØKONOMIPLAN DRIFT 1A	42
7.2	ØKONOMIOVERSYN DRIFT 2A	44
7.3	NETTO RAMME FORDELT EININGSVIS	46
7.4	NETTO RAMME FORDELT KOMITEVIS	47
7.5	NETTORAMME PER TENESTE, ANSVAR, KOMITE	48
7.6	INVESTERINGSBUDSJETT	59
7.7	SPESIFIKASJON INVESTERING I BASISORGANISASJONEN	61
7.8	SPESIFIKASJON INVESTERING I STORD KOMMUNALE EIGEDOM KF	64
7.9	SPESIFIKASJON INVESTERING I STORD VATN OG AVLAUP KF	67
7.10	SAMLA INVESTERINGSRAMME STORD KOMMUNE	68
7.11	BUDSJETTFRAMLEGG STORD KOMMUNALE EIGEDOM KF	69
7.12	BUDSJETTFRAMLEGG STORD VATN OG AVLAUP KF	73
7.13	SPESIFIKASJON INVESTERINGAR STORD VATN OG AVLAUP KF	81
7.14	BUDSJETTFRAMLEGG KONTROLLUTVALET	86
7.15	EIGEDOMSSKATT	87

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2012-2015 med desse endringane...
2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. a) Kommunestyret vedtek i medhald av §2 i eigedomsskattelova å skriva ut eigedomsskatt for 2012 for heile Stord kommune.

b) Skattesatsen vert sett til 2 % av omsetnadsverdien for alle eigedomar.

c) Formannskapet får fullmakt til å nemna opp ei sakkunnig takstnemnd med tre medlemmer og tre varamedlemmer og ei sakkunnig ankenemnd med tre medlemmer og tre varamedlemmer.

d) Rådmannen får fullmakt til å etablere ei prosjektgruppe for arbeidet med innføring av eigedomsskatten, tilsetta prosjektleiar og synfararar og til å leiga inn profesjonelle takstmenn for taksering av næringsseigedomar m.m. Kommunestyret legg til grunn at innføring av eigedomsskatt i Stord kommune vert gjennomført innanfor ei økonomisk ramme på 8,5 mill kr. Kommunestyret ber rådmannen om å nytta eigen organisasjon så langt som råd, for å redusera kostnadene.

e) Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for eigedomar som er eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, jfr §7a. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette gjeld.

f) Eigedomar som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune.

g) Dei føringar som her er lagt blir oversendt sakkunnig nemnd som fastset retningslinjer for takseringsarbeidet, herunder å ta stilling til moglege geografisk soneinndeling.
4. Kommunestyret vedtek å ta opp kr 179 108 000 i lån i 2012 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån, inntil	kr 25 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 38 872 000
Andre lån	kr 115 236 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.
5. Kommunestyret vedtek å oppretthalda gjeldande trekkrett i Nordea med inntil 25 mill kr. Rådmannen får fullmakt til å disponera trekkretten.
6. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2011 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune". Desse satsane vert endra i 2012:
 - Avgift for feing og brannsyn
 - Avgifter for vatn, avlaup, renovasjon og slamtøming
7. Det vert frå og med 2012 innført avgiftsfri parkering første time på Torget og ved Teknisk bygg.

-
8. Fagavdelinga for park og grønt vert overført til Stord kommunale eigeedom KF og fagavdelinga for veg og parkering til Stord vatn og avlaup KF frå 1.1.2012. Rådmannen får i samråd med styra i føretaka fullmakt til å gjennomføra overgangen, herunder å føreta naudsynte budsjettendringar.
 9. Rådmannen får fullmakt til å etablere interkommunal barnevernvakt med Bømlo og Fitjar frå og med 2012. Kommunestyret legg til grunn at nyordninga vert etablert innanfor vedtekne budsjetttrammer.

10. Kommunestyret fastset slike tilskotssatsar for 2012 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

Små born/full plass	kr. 156.581,-
Store born/full plass	kr. 75.408,-
Kapital full plass	kr. 7.800,-

Familiebarnehagar – nasjonal sats:

Små born/ full plass	kr. 136.500,-
Store born/full plass	kr. 104.000,-
Kapital full plass	kr. 11.700,-

11. Stord kommune vil i 2012 busettja 10 flyktingar. Familiesameiningar kjem i tillegg.
12. Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2012-budsjettet i 2012 til nærings- og kulturføremål:
 - SNU AS, kr 1 025 000
 - Atheno, prosjekt Ungt entreprenørskap, kr 65 000
 - Business Region Bergen, driftstilskot, kr 117 000
 - Hordaland olje og gass, driftstilskot, kr 50 000
 - Haukelivegen AS, driftstilskot, kr 36 250
 - Sunnhordland folkemuseum, kr 600 000
 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland, kr 397 000
 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland, reiselivssatsinga, kr 215 000
13. Kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.
14. Kommunestyret vedtek budsjett for 2012 for Stord kommunale eigeedom KF slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1.

2. Innleiing og samandrag

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan for perioden 2012-2015 byggjer på gjeldande økonomiplan 2011-2014, revidert budsjett og utviklinga elles i 2011, og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2012. Stord kommune får over statsbudsjettet for 2012 ein auke i frie inntekter, dvs skatteinntekter og rammeoverføring eksklusiv midlar til Samhandlingsreforma, på 38 mill kr eller nominelt 5,2% i høve til 2011. Framlegget til driftsbudsjett for 2012 har ei brutto ramme på 1,1 mrd kr. Kommunen forvaltar betydelege summer og det er absolutt rom for å yta gode tenester. Men den kommunale økonomien er stram. Utgiftene aukar fortsatt meir enn inntektene, og Stord kommune er i tillegg registrert i ROBEK-registeret med eit akkumulert underskot på 39,4 mill kr.

Rådmannen gjer framlegg om at Stord kommune innfører eigedomsskatt frå og med 2012. Ein meiner dette er ein føresetnad for å oppretthalda drifta av Stord kommune på dagens nivå og samstundes iverksetta vedtekne nye tiltak og realisera det investeringsprogrammet som ligg i gjeldande økonomiplan. Alternativet vil vera ytterlegare kutt i tenestetilbodet og utsetting av naudsynte investeringar innanfor først og fremst skule og helse og omsorg. I tillegg lyt kommunen utan eigedomsskatt leggja til grunn eit lengre perspektiv på å koma seg ut av ROBEK-lista. Rådmannen legg i sitt framlegg opp til at Stord kommune vil vera ute av ROBEK i løpet av økonomiplanperioden. Det er lagt til grunn at 12,3 mill av det akkumulert underskot vert dekkja inn i 2012. Dei tunge investeringsprosjekta – nye Stord ungdomsskule og utbygginga av nye sjukeheimplassar – er det i forslaget først funne rom til etter at akkumulert underskot er dekkja inn.

Framlegget til driftsbudsjett for 2012 er saldert utan bruk av inntekter frå eigedomsskatt. Budsjettet er redusert for dei fleste sektorane i høve til rammene frå den ekstraordinære budsjettrevisjonen i april 2011. Budsjettforslaget må karakteriserast som stramt, utan reservar, med lite rom for avvik eller volumauke i tenesteytinga. Skulebudsjettet gjev færre delingstimar og auka utfordringar i høve tilpassa opplæring. På investeringsbudsjettet er det i 2012 lagt inn 24 mill kr til modulbygg ved Langeland skule, for å handtera auken i elevar i denne krinsen.

Også dei kommunale barnehagane får redusert i utgangspunktet knappe rammer. Utgiftene til barnehagar aukar likevel. Det er ein auke i tilskot til private barnehagar, m.a. som følgje av fleire små born og auka tilskottssats. I tillegg er det i budsjettframlegget lagt inn 40 nye plassar i 2012. Talet på barnehageborn vil auka i økonomiplanperioden. Regjeringa har i statsbudsjettet for 2012 avvikla ordninga med investeringstilskot, og med det er eit sentralt verkemiddel i det å oppnå full barneagedekning teke ut. Det er i skrivande stund uklart kva konsekvensar dette vil få for planlagde prosjekt i Stord kommune.

Kulturskulen har enno ventelister, men det vert også oppretta nokre fleire plassar i 2012. Det er i investeringsbudsjettet også lagt inn to musikkbingar i 2012. Dette er ferdigproduserte øvingslokale med god innvendig lyd kvalitet. Kommunestyret har vedteke at Stord idrettspark AS skal leggjast ned og verksemda overførast til Stord kommune. I samband med det er det vedteke oppretta ei ny eining for kultur og idrett. Rådmannen har i budsjettet lagt inn stilling som kultur- og idrettssjef.

Barnevernet vart styrka med tre årsverk i 2011 men går inn i 2012 med noko reduserte rammer. Det er likevel funne rom for at Stord saman med samarbeidskommunane Bømlo og Fitjar etablerer barnevernvakt i 2012.

Heimebaserte tenester er som følgje av budsjettsitasjonen redusert med 4,5 årsverk. Dette er ei utfordring i høve auka etterspurnad etter tenester. Ein ventar likevel at det vil avbøta noko at det vert lagt opp til å opna dei tre siste plassane på Rehabiliteringssenteret. Desse plassane er finansiert med Stord kommune sine midlar til Samhandlingsreforma. Reforma vert innført frå 1. januar 2012 og medfører m.a. kommunal medfinansiering på medisinsk behandling og betalingsansvar for utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta. Stord kommune sine samhandlingsmidlar, 20,5 mill kr i 2012, er i utgangspunktet berekna ut frå forventna utgifter. Stord kommune har på den andre sida underdekning på sjukeheimsplassar og rådmannen meiner alt i alt at kommunen vil gå styrka inn i reforma gjennom å opna dei tre plassane. I 2012 vil ein og starta opp utbygginga på Ådland, som ein ventar på kort sikt vil avhjelpa situasjonen med få pleieplassar.

Eining for habilitering får vidareført driftsreduksjonane som vart vedtekne i 2011. I 2012 står det ferdig 21 bustader for personar med særskilde behov. Budsjettet tek høgde for drift av dei fem nye leilighetene i Apalvegen frå mars månad, det nye bufellesskapet i Knutsåsen vil opna i september. Det vil bli ei utfordring at det ikkje er funne rom for nye dagtilbod for utviklingshemma i 2012.

Som følgje av ny-organiseringa av kultur og idrett vert grøntavdelinga overført til Stord kommunale eigedom KF frå 2012. Veg og parkering vert frå same tid overført til Stord vatn og avlaup KF. Utfordringane med stramme rammer for desse avdelingane vert med vidare i 2012. Den utvida parkeringsordninga for sentrum har vore mykje debattert og det vert hevda at den har vore negativt for handelen i sentrum/Borggata. Rådmannen foreslår som eit avbøtande tiltak å frå 2012 innføra gratis parkering første time på Torget og ved Teknisk bygg.

Det er heilt naudsynt å rusta opp kommunale bygningar, men rammne for driftsbudsjettet tillet heller ikkje i år at det vert sett av tilstrekkeleg løyvingar til dette føremålet. For å vidareføra aktiviteten i Stord kommunale eigedom KF på nokolunde same nivå gjer rådmannen framlegg om at påkostingar, dvs. planlagde tiltak som aukar standarden på bygga i høve til det opprinnelige nivået, i større grad vert finansiert over investeringsbudsjettet. Budsjettframlegget legg opp til auka investering i føretaket innanfor enøk, innemiljø, brannsikring og HMS-tiltak på kommunale bygg.

Tiltak innanfor VA-sektoren er i stor grad basert på tiltaksprogrammet i hovudplanane for vassforsyning og avløp. På avlaupssida overstyrer likevel reinsekrava frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) kommunedelplanen. Det er til saman lagt opp til å investera 337 mill kr i vatn og avlaup i perioden. Dei kommunale avgiftene for vatn, avlaup og renovasjon vil auka med 3 % i 2012. Feieavgifta er foreslått auka med 15%. Ut over det legg rådmannen ikkje opp til auka gebyr- og betalingsatsar i budsjettframlegget.

Stord kommune har underdekning på gravplassar. Som følgje av dette vert det i 2012 sett av 31,5 mill kr til utbygging av 1000 gravplassar i Frugarden.

2.1 Budsjettprosess

Det er lagt opp til slik handsaming av budsjettet og økonomiplan 2012-15:

Aktivitet:	Tidspunkt
Rådmannen legg fram sitt budsjettforslag	19. oktober
Formannskapet legg budsjettet ut til alminneleg ettersyn, jf. kommunelova § 45 nr. 3	19. oktober
Budsjett høyringar i komiteane	8.-10. november
Formannskapet avgjer si budsjettinnstilling	14.-16. november
Kommunestyret vedtek årsbudsjett	1. desember
Komiteane handsamar detaljbudsjett	12.-14. desember

Proessen og sjølve budsjettdokumentet er lagt opp i samsvar med etablert praksis og kommunen sitt økonomireglement, vedteke i kommunestyret i sak 59/10. Etter dette har kommunestyret slikt ansvar og mynde i budsjettsaker:

1. Kommunestyret skal innan utgangen av året i samsvar med kommunelova vedta årsbudsjettet for komande kalenderår og ein økonomiplan for dei tre påfølgjande budsjettåra.
2. Kommunestyret vedtek skatteanslag, rammetilskot, statlege overføringar, andre overføringar, netto avsetningar og finansinntekter og –utgifter. Kommunestyret fastset avgifter og prisar på varer og tenester når slik vedtaksrett ligg til kommunestyret etter lov eller føresegner.
3. Kommunestyret fastset internhusleige til Stord kommunale eigedom KF og vedtek nettoramme drift i samsvar med budsjettskjema 1A, fordelt på formannskapet, komiteane og Stord vatn og avlaup KF, spesifisert etter tenesteområde (grunnskule, barnehage osv.).
4. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet som hovudregel per investeringsprosjekt i samsvar med budsjettskjema 2A og 2B.
5. Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingssatsar og avgifter.

Rådmannen skal etter same reglement utarbeida eit samla framlegg til økonomiplan og budsjett som grunnlag for kommunestyret si behandling. Budsjettet skal vera realistisk, fullstendig og i balanse. Driftbudsjettet skal angi netto driftsramme pr. komité og tenesteområde. Rådmannen sitt framlegg skal bygge på vedteken økonomiplan og andre føresetnader vedteke av kommunestyret, og vera konsekvensvurdert i høve endra føresetnader og vilkår.

Komiteane skal i sin tur fordela nettorammer drift i vedteke rammebudsjett på dei ulike resultateiningane innanfor sine ansvarsområde. Rådmannen vil utarbeida framlegg til fordeling for komiteane på bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 1. desember.

3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader

3.1 Folketalsutvikling

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og samansetjinga av denne. Folketalet pr 01.07.2011 var på 17 868, dette er ein auke på 110 frå 2010 (0,6%).

Det som særmerkar folketalsutviklinga i kommunen i åra framover er først og fremst at fødselsoverskotet vil auke dei næraste åra, at befolkninga vil vera yngre enn i gjennomsnittskommunen, og at det skjer stor inn- og utflytting til Stord. Dei siste åra har det vore større tilflytting enn utflytting. Folketalsframskrivinga under, byggjer på SSB si folketalsframskriving for Stord kommune, middels vekstutvikling.

Demografisk utvikling i planperioden					
	2011	2012	2013	2014	2015
0-2 år	752	782	768	774	795
3-5 år	699	697	759	795	827
6-15 år	2 585	2 592	2 562	2 546	2 554
16-22 år	1 914	1 915	1 936	1 912	1 901
23-66	9 862	9 998	10 163	10 341	10 491
67-79 år	1 404	1 427	1 490	1 595	1 677
80-89 år	530	541	542	551	564
90 år og eldre	122	125	134	134	133
SUM	17 868	18 077	18 354	18 648	18 942
Auke	110	273	277	294	294
Auke i %	0,6	1,5	1,5	1,6	1,6

Talet på eldre over 67 år aukar med 15,5% i frå 2011 til 2015. Veksten i eldre vil føra til at kommunen får fleire brukarar som treng pleie og omsorgstenester i planperioden.

Tal på barn i skulealder viser ein nedgang i økonomiplanperioden, derimot er det vekst i talet på fødsjar slik at talet på barn i barnehagealder går opp.

3.2 Økonomiske føresetnader

Økonomiplanen og årsbudsjettet er sett opp etter dei rammeføresetnadene som vart gjeve sentralt gjennom kommuneproposisjonen i juni og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett.

3.2.1 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, momskompensasjon og andre ikkje øyremerka statlige tilskot, og er hovedfinansieringskjelda til kommunen. Prisstigningsføresetnaden som er lagt til grunn i statsbudsjettet er 3,25%. Lønsveksten er berekna til å verta 4%, prisstigninga 2%.

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2011 til 2012 med 4,5 %. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år.

Skatteøret for kommunane er i 2011 11,3 %. Det er for 2012 lagt opp til ein auke i skatteøret for kommunane til 11,6 %.

Skatteøret blei redusert frå 2010 til 2011, frå 12,80 % til 11,30 %, for å redusera skattedelen av kommunane sine inntekter. Formålet var å bidra til jamnare fordeling av inntekter mellom kommunane i landet og utjamne forskjellar i tenestetilbodet i dei ulike kommunane. Skatteøret blir auka noko opp igjen i 2012 for å unngå at heilårsverknaden av redusert skatteøre for 2011 gir ytterlegare skattereduksjon i 2012. Budsjettframlegget legg dette til grunn, og det er føresett at kommunen sin skatteandel held seg på same nivå i forhold til landsgjennomsnittet (100,7%) som i 2010.

Veksten i frie inntekter frå 2011 til 2012 utgjer 5,2%. Ein har då halde utanom løyvingar knytt til samhandlingsreforma. Midlar til Samhandlingsreforma er inkludert i rammetilskotet med kr. 18,784 mill, i tillegg kjem kr 1,738 mill i kompensasjon. Totalt får vi kr 20,522 mill til Samhandlingsreforma.

Ved berekning av frie inntekter i økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein realvekst på 1,4 % i året, befolkningsendring i samsvar med folketalsframskriving for kommunen samt dei endringane i rammetilskot som skuldast omlegging av inntektssystemet.

Enkeltelementa i skatt og rammetilskot går fram av tabellen nedanfor:

1000 kr	2011	2012	2013	2014	2015
Innbyggartilskot	338 244	373 200	3764 83	380 127	384 979
Utgiftsutjamning	-12 961	-9 525	-9 686	-9 863	-10 053
Overgangs- og nyordningar (INGAR)	-2 613	-1 241	0	0	0
Utanfor overgangsordninga	3 728	3 366	3 366	3 366	3 366
Ordinært skjønn	1 400	1 300	1 300	1 300	1 300
Skjønn - tap endringar av inntektssystemet	700	700	700	700	700
Kompensasjon Samhandlingsreforma	1 738	1 738	1 738	1 738	
Revidert nasjonalbudsjett	410				
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	328 908	369 538	373 901	377 368	380 292
"Bykletrekket" (anslag)	-17				
Netto inntektsutjamning	-6 002	-6 398	-6 509	-6 632	-6 765
Sum rammetilskot	322 889	363 140	367 392	370 734	373 527
Skatt på inntekt og formue, vårt anslag	401 616	419 869	427 160	435 179	444 928
Sum frie inntekter, avrunda, ekskl. eigedomsskatt	724 500	783 000	794 552	805 915	817 455
Eigedomsskatt		19 000	19 000	19 000	19000
Sum frie inntekter, avrunda inkl. eigedomsskatt	724 500	802 000	813 600	824 900	836 500
Endring i dei frie inntektene (%) ekskl. eigedomsskatt	26,3%	8,1%	1,4%	1,4%	1,4%
Endring i dei frie inntektene (%) inkl. eigedomsskatt	26,3%	10,7%	1,4%	1,4%	1,4%

3.2.2 Skjønsmidlar

Kommunen mottok lite skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Fylkesmannen har tildelt kommunen 1,3 mill kr for 2012, dette er kr 100 000 mindre enn i fjor. Fylkesmannen grunnjev tildelinga slik:

”Kommunen er eit regionsenter for Sunnhordland, og det er stor pendling til kommunen av skuleelevar og arbeidarar. Som regionsenter har kommunen høge utgifter innafør sosialomsorg og rus.

Kommunen er i år blitt registrert i ROBEEK - registeret. Kommunen hadde ved utgangen av 2010 eit relativt stort udekket meirforbruk.

Kommunen har ikkje eigedomsskatt korkje på verk & bruk eller andre faste eigedomar.

I fylkesramma er det innarbeidd ein relativt liten ramme (kr. 1,0 mill.) til inntektssvake kommunar, og vi finn ikkje å kunne nytta av denne ramma for å gi tilskot til kommunen.”

Kommunen har i tillegg til det ordinære skjønnet mottoke 0,7 mill kr som kompensasjon for omlegging av inntektssystemet, truleg knytt opp mot innlemming av midlar til barnehagar i rammetilskotet.

3.2.3 Momskompensasjon

Momskompensasjonsordninga vart innført frå og med 2004. Kommunen får refundert momsen på kjøp av varer og tenester. Føremålet med innføring av ordninga var å likestillta eigenproduksjon med privat produksjon av varer og tenester.

Frå 2010 vart ordninga med at kommunane kan nytta investeringsmomsen til drift oppheva. Det er laga overgangsreglar som tilseier inntektsføring av investeringsmomsen i driftsrekneskapen for åra 2010-2014. 60% av investeringsmomsen skal nyttast til å finansiera investeringar i 2012, deretter 80% i 2013. Frå 2014 skal all investeringsmomsen som kommunen mottok nyttast til å finansiera investeringane.

I berekninga av momskompensasjon for investeringar er kommunen sitt investeringsnivå i økonomiplanen lagt til grunn. Kommunen etablerte i 2009 Stord kommunale eigeidom Kf som vil stå for gjennomføring av mesteparten av investeringane. Momskompensasjonen vert budsjettert og overført til investeringsrekneskapen i føretaket. Tabellen under viser momskompensasjon og overføring til investering for den delen som vert bokført i Stord kommune sin rekneskap.

1000. kr	2012	2013	2014	2015
Momskompensasjon drift	14 000	14 000	14 000	14 000
Momskompensasjon investering	2 300	2 000	1 800	1 800
Sum momskompensasjon	16 300	16 000	15 800	15 800
Avsett til investeringar	1 380	1 600	1 800	1 800
% av kompensasjon investeringsmoms avsett til investering	60%	80%	100%	100%

Tilsvarende for Stord kommunale eigeidom Kf:

1000. kr	2012	2013	2014	2015
Momskompensasjon drift	4 000	4 000	4 000	4 000
Momskompensasjon investering	23 200	5 080	2 200	29 470
Sum momskompensasjon	27 200	9 080	6 200	33 470
Avsett til investeringar	13 970	4 042	2 019	28 739
% av kompensasjon investeringsmoms avsett til investering	60%	80%	100%	100%

Omlegginga ved at momskompensasjon no vert ført i føretaket medfører at det vert utarbeida investeringsbudsjett for både føretaket og basisorganisasjonen.

3.2.4 Asylmottak, mottak flyktningar

Kommunen mottok årleg 1,5 mill kr i tilskot for at det er asylmottak i kommunen. Denne inntekta skal dekkja dei meirutgifter som kommunen har grunna dette.

Kommunen har budsjettert med eit integreringstilskot på 10,0 mill kr kvart år i økonomiplanperioden.

Ved busetting av flyktningar mottok kommunen 581 500 kr for kvar vaksen flyktning som vert busett, kr 631 000 for einsleg vaksen og 561 500 for born. Integreringstilskotet er fordelt over 5 år. Kommunestyret har vedteke å ta imot 10 flyktningar kvart år. I tillegg kjem familiesameining. Det er lagt til grunn same nivå på mottak i 2012 som for 2010 og 2011.

3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar

Ordninga med statstilskot til ressurskrevjande tenestemottakarar vert vidareført i statsbudsjettet. Kommunen får dekke 80% av direkte lønnsutgifter av tenestene som vert ytt til ressurskrevjande brukarar under 67 år som overstig eit innslagspunkt på kr 935 000 pr brukar (kr 895 000 i 2010). Kommunen vil ha 21 brukarar i 2012 som samla vil gje eit tilskot på 18,9 mill kr. Nivået på tilskotet er vidareført i økonomiplanperioden.

3.2.6 Rente og avdragskompensasjon

Kommunen får rentekompensasjon på skuleanlegg, husbanken antar at denne vert på kr 2,3 mill i 2012. Rente og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og institusjonsplassar utgjer 3,7 mill kr i inntekt. Av dette er 2,3 mill kr for avdrag og 1,4 mill kr rente. Rehabilitering av kyrkjebygg gir rentekompensasjon med kr 0,2 mill kr. Ramma for rentekompensasjon er fullt utnytta for skule- og kyrkjebygg, det er difor ikkje rom for fleire søknader på denne ordninga.

3.2.7 Lønsvækst og pensjonskostnad 2011

SSB legg opp til ein kommunal årslønsvækst på 3,6%. Denne er følgd opp i budsjettframlegget, basert på eit overheng frå 2011 på 0,8% og eit berekna lønstilllegg 1.5.2012 på 4,25%, med heilårsverknad 2,83%. Det er forslag om å setja av kr 17 975 399 i lønsreserve til dekning av lønsoppgjeret i 2012, slik at berekna samla lønsvækst i 2012 utgjer om lag 38,2 mill kr.

Kommunen budsjetterer pensjonskostnader i samsvar med kommunaldepartementet sine reglar for pensjonsføring med 15 års avdragstid på premieavviket. Frå og med 2012 vert denne endra til 10 år. Premieavvik som er inntektsført før 2012, behold 15 års amortiseringstid. Kommunen har mottoke budsjettoppgåve frå KLP og Statens Pensjonskasse. Kommunen har eigenrisiko på AFP-ordninga. Pensjonsleverandørane har berekna premien for 2012 utifrå erfaringstal. Berekna pensjonspremie for sjukepleiarane i KLP-ordninga er budsjettet med brutto 13,86%, for andre tilsette i KLP-ordninga 12,81% av pensjonsgrunnlaget. Det er og budsjettet med ein reguleringspremie på kr 32,7 mill, noko som utgjer 5,58 % av premiereserven. Reguleringspremien utgjorde i 2010 4,5%. Det inneber at pensjonskostnaden i 2012 vert 11,2 mill høgare enn i 2011. I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift. Hovudårsaka til premieauken er redusert grunnlagsrente frå finanstillsynet, forventningar til løns- og trygdeoppgjeret i 2012 og forventa lågare tilbakeført overskot for kommande år enn i 2011. Dei tilsette dekkjer 2% av pensjonsgrunnlaget. Statens pensjonskasse (SPK) har varsla om ein premie på 13,24% inklusiv tilsette sin 2% del. Dette er ein auke i premien på 0,78%.

Premieavviket for 2012 er på 23,8 mill kr, i tillegg kjem 3,3 mill kr i arbeidsgjevaravgift. Dette vert ført til inntekt i budsjettet for 2012 og amortisert over 10 år frå og med 2013.

1000 kr	2011	KLP	SPK	Sum 2012	Endring i høve til 2011
Premie (pensjonsutgift)	57 448	71 202	18 671	89 873	32 425
Berekna pensjonskostnad	51 646	45 773	17 136	62 909	11 263
Premieavvik	5 802	25 428	-1 549	23 834	18 032
Av dette amortisert premieavvik	-2 293	-2 928	15	-2 913	620

Utgifta er det me vert fakturert frå pensjonsleverandøren og utgjer ein likviditetsmessig belastning. **Kostnaden** er det som vert bokført i rekneskapen, og påverkar årsresultatet. Premieavviket er ein komponent av desse to elementa, og reduserer utgifta frå 89,8 mill til 62,9 i kostnad. Når premieavviket er så stort som forventa i 2012 (kr 23,8 mill) betyr det mykje at amortiseringstida er endra frå 15 til 10 år. Dette premieavviket vert inntektsført i 2012, og skal så utgiftsførast i åra 2013-2023 med 1/10 kvart år, dvs 2,3 mill kvart år. Etter tidlegare reglar skulle vi utgiftsført kr 1,5 mill per år i 15 år. Dette kjem i tillegg til amortisering av tidlegare premieavvik.

3.3 Eigedomsskatt

Rådmannen gjer framlegg om å innføra eigedomsskatt på alle faste eigedomar i Stord kommune frå og med skatteåret 2012. Rådmannen meiner dette er ein føresetnad for å vidareføra drifta av Stord kommune på dagens nivå og samstundes iverksetta vedtekne nye tiltak og realisera det investeringsprogrammet som ligg i gjeldande økonomiplan. Alternativet vil vera ytterlegare kutt i tenestetilbodet og utsetting av naudsynte investeringar innanfor først og fremst skule og helse og omsorg. I tillegg lyt kommunen utan eigedomsskatt leggja til grunn eit lengre perspektiv på å koma seg ut av ROBEK-lista.

Det er stor uvisse knytt til det å fastslå både inntekspotensialet og kostnadene med å innføra eigedomsskatt utan at det er gjennomført takst eller gjort ei større utgreiing. Rådmannen har grovt rekna inntektene til 19 mill kvart av åra i perioden. Kostnadene med å innføra skatten vert vurdert til 8,5 mill kr, slik at netto inntekt i 2012 er stipulert til 10,5 mill kr. Spørsmål kring eigedomsskatten er gjort nærare greie for i eige notat i vedlegg til budsjettokumentet.

Det er mange variablar knytt til utskriving av eigedomsskatt. Det kan vera aktuelt å differensiera taksten mellom ulike sonar i kommunen, etter antekne variasjonar i marknadsverdi, og i høve til faktor på etasjar, ytre tilhøve, standard og anna. Det kan vidare leggjast inn botnfrådrag og/eller reduksjonsfaktorar i taktsgrunnlaget. Bruk av mange variable faktorar kan komplisera takseringa, men det kan og medverka til å setje ein rettare takst på eigedomen. Det avgjerande ved fastsetting av takst er likevel likskapsomsynet, at skattelegginga vert oppfatta som rettvis av og mellom skatteytarane. Dette vil vera overordna kva for føresetnader som vert nytta for å koma fram til taksten.

Rådmannen har i sitt forslag saldert driftsbudsjettet utan bruk av eigedomsskatt. Skatteinntektene av eigedomsskatt er i perioden foreslått nytta til nedbetaling av av akkumulert underskot og drifts- og kapitalutgifter knytt til nye tiltak, eller er ikkje disponert i planperioden.

Det er eit omfattande prosjekt å innføra eigedomsskatt. Fristen for utskriving av eigedomsskatt første året er innan utgangen av juni månad det året skattlegginga skal gjelda frå. Dette tilseier eit stramt tidsskjema. Det er avgjerande at arbeidet vert starta så snart eit eventuelt vedtak ligg føre og at det vert sett av tilstrekkeleg ressursar.

4 Målstyring og kvalitetssikring 2012-2015

Kommunen sine overordna målsettingar og delmålsetjingar for perioden 2011-2014, tek utgangspunkt i Kommuneplan for 2004-2015 og planprogram for kommuneplan 2010-2021. Revisjon av Kommuneplanen skal handsamast i formannskap og kommunestyre seinare i haust. Kommunen vil i planperioden stimulera til at visjonen om å vera saman om utvikling og velferd vert realisert, ved å følgje opp delmålsetjingane i planprogrammet.

4.1 Delmålsetjingar

Byutvikling, senterstruktur og samferdsle

- Stord skal vidareutviklast med eit levande sentrum og framtidsretta lokalsenterstruktur
- Stord skal ha eit effektivt, miljøvennleg og trafikksikkert transportsystem

Oppvekst

- Tilbod til barn og unge er tilpassa interesser og anlegg og tek omsyn til fagleg og sosial utvilning. Kreativitet og kultur, fysisk aktivitet og helse vert vektlagt
- Barn og unge får positive møte med andre land og kulturar og samstundes styrkja tilhøvet til eigen kultur og eigen identitet
- Kvaliteten på tenestene vert sikra gjennom brukarmedverknad, samordning og ved bruk av aktuelle kvalitetssystem
- Einingane som arbeider med barn og unge er organisasjonar med kompetanse for læring og utvikling
- Barn og unge vert sikra tilstrekkelege, trygge og stimulerande like og opphaldsareal i utbyggings- og fortettningsområde

Estetikk, miljø og trivsel

- Miljø – klima: Stord kommune sin klima- og energiplan får status som kommunedelplan for klima og energi og med regelmessig rullering. Planen skal følgjast opp gjennom overordna planar. Tiltak og verkemiddel i planen skal vera styrande for kommunen sin miljøpolitikk
- Kurturvern: Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø skal følgjast opp gjennom arbeidet med overordna planar. Ved utarbeiding av reguleringsplanar vert kulturmiljø og enkeltobjekt regulerte til spesialområde vern
- Estetikk: Møtet med Stord skal gje identifikasjon og attkjenning. Naturkvalitetane skal framhevast. Det skal leggjast vekt på at møtet med Stord, anten ein kjem via flyplass, veg eller sjø set ei ramme som identifiserer kommunen og folket. Det skal leggjast vekt på utforming og merking av interne trafikkarer. Ved utvikling av dei konsentrerte sentrumsområda (Leirvik, Heiane og Sagvåg) vert det lagt stor vekt på det estetiske uttrykket
- Trivsel: Stord skal vera trivselskommunen. Kommunen skal vera internasjonal og inkluderande. Tilreisande skal på ein god måte bli integrerte i lokalsamfunnet. Stord kommune skal ha eit breitt utval av kulturtilbod. Bibliotek, kino og kulturskule skal ha god kvalitet

Arbeid og næringsliv

- Innovasjon og entreprenørskap kjenneteiknar næringsliv og næringsutviklinga
- Nye arbeidsplassar innan reiseliv og kulturbaserte næringar
- Miljøteknologi vert eit forretningsmessig satsingsområde
- Næringsretta kompetanse vert styrkt
- Sikra tilgong til risikovillig kapital
- Styrking av Stord sin posisjon som lokomotivet i Sunnhordland
- Offentleg forvaltning er effektiv og gjev gode tenestetilbod
- Stord vert vidareutvikla som senter for handel og service

Rehabilitering, helse og omsorg

- Helse- og sosiale tenester er ein naturleg del av planarbeidet i kommunen
- Folkehelsearbeid ligg til grunn for utviklinga av helsetilbodet
- Universell utforming ligg til grunn for nye tiltak
- Personar med størst hjelpebehov vert prioritert og har god tilgang til tenester
- Tenestetilbode er samordna og har høg kvalitet
- Helsefremjande, førebyggjande og rehabiliteringstiltak er vektlagt
- Samarbeid med frivillige og andre er ein del av det totale tenestetilbodet
- Tilsette inviterer til brukarmedverknad
- Fokus på samarbeid mot helseføretak, høgskulen og universitetsmiljø kring forskning og utvikling av kompetanse

Areal

- Kommunen skal fastleggja utviklingsretningar for framtidig byutvikling og definera langsiktige strategiske grenser for ulike utbyggingsføremål og kommunen skal unngå unødvendig ”arealspreiing”
- Det skal stimulerast til fortetting i eksisterande utbyggingsområde både ved tilrettelegging for mindre felt, deling av større tomter og meir konsentrert utbygging i sentrum og sentrumsnære område. Samstundes er det viktig å sikra naudsynnte grøntstruktur
- Det vert definert langsiktige, strategiske grenser (markagrenser) for arealbruk som sikrar vern av viktige landbruks-, natur- og friluftsområde som i naudsynt grad skal visast med omsynssoner
- Kjerneområde for landbruk og skogbruk skal definerast og kartfestast i arealdelen med omsynssone
- Funksjonell strandsone skal definerast og innarbeidast i arealdelen
- Folk i alle aldrar skal sikrast lett tilgjenge til areal for leik og fysisk aktivitet ved at det vert sikra samanhengande grøntkorridorar med turstiar som fører fram til friareal og friluftsområde. Turstiane skal og sjåast i saman med gangsykkelvegnettet
- Det skal gjennomførast ein overordna trafikkanalyse som skal gje premissar for ein samordna areal- og transportpolitikk som omfattar overordna vegsystem, sekundære vegar, kollektivtrasear, terminalløysingar og gang – sykkelvegar
- Kommunedelplan for trafikkisikring skal rullerast
- I arealplanlegginga skal ein søkja å unngå konflikt med kulturverninteressene og freda kulturminne som skal visast som omsynssoner

4.2 Mål for året 2012 – målekart for Stord kommune

Målemetodane som er lagt til grunn i målekartet er i hovudsak basert på brukar- og medarbeidarundersøkingar som er utarbeidd av www.bedrekommune.no. Undersøkingane gjev eit bilete av kva brukarane meiner om tenestene og om vi må justere målsetnadene våre. Undersøkinga gjev også eit bilete av kva arbeidstakarane meiner om organisasjonen og om det er grunnlag for å justera målsetjingane for vår interne satsingsområde. Målskaalen hjå [bedrekommune.no](http://www.bedrekommune.no), er frå 1-6, der 6 er best. I 2009 vart det utført brukarundersøking på tre tenesteområde. Undersøking vart gjennomført i barnehage, utviklingshemma brukarar og utviklingshemma brukarrepresentant. Det er desse tala som ligg til grunn for tala som er oppført under ”status 2009”..

Når det gjeld vurdering av kvalitet på nettsidene våre, er målemetoden som er lagt til grunn i målekartet basert på Direktoratet for forvaltning og IKT si undersøking av kvalitet på nettsidene i offentleg sektor. Resultata og kriteria for undersøkinga er å finne www.noreg.no. Skalaen på resultatet er 1-6, kor 6 er best resultat.

MÅLEKART (I skala frå 1-6, er 6 best)		1-6	1-6	1-6
FOKUS OMRÅDE	MÅLSETJING	Status 2009/	Lands- snitt	Mål 2012
BRUKAR				
Brukarmedverknad	Brukarane er nøgd med samarbeid og brukarmedverknaden	4	3,82	4,2
Respektfull behandling	Brukarane og brukarrepresentantar opplever å bli møtt med respekt	5,1	5	5,1
Tilgjengelegheit	Brukarane er nøgd med tilgjenge på tenestene	5,1	5,1	5,2
Informasjon	Brukaren er nøgd med tilgangen på informasjon om innhaldet i tenestene	4,9	4,8	4,9
Kvalitet på tenestene	Brukaren er nøgd med den totale kvaliteten på tenestene	4,9	4,8	5,1
Kvalitet på heimeside	Direktorat for forvaltning og IKT er nøgd med den totale kvaliteten på nettstaden i kommunen	4	4	5
MEDARBEIDARAR				
Ivaretakande og godt arbeidsmiljø	Medarbeidaren er nøgd med arbeidssituasjonen sin	4,5	4,5	4,7
	Redusert sjukefråvær	7,06 %	8,15%	7,5%
Organisering av arbeidet	Medarbeidarane bidreg aktivt til å nå verksemda sine mål	4,7	4,8	5
Innhald i jobben	Medarbeidarane opplever å ha naudsynt kompetanse til å utføre sine arbeidsoppgåver	4,7	4,8	4,8
Samarbeid og trivnad	Medarbeidarane løyser felles arbeidsoppgåver på sin arbeidsplass på ein god måte	4,7	4,8	4,9
Nærmaste leiar	Medarbeidarane opplever at næraste leiar gjev deg tilstrekkeleg attendemelding på den jobben han gjer	3,8	4,1	4,2
Fagleg og personleg utvikling	Medarbeidarane er nøgde med arbeidsgjevar si tilrettelegging for relevant kompetanseutvikling	3,8	4,1	3,9
ØKONOMI				
Økonomistyring	Det samsvar mellom budsjett og rekneskap	0,5%	0% eller b.	

5. Budsjettområda, drift og investeringar

Samla inntektsramme for driftsbudsjettet for 2012 er 1,1 mrd kr. Driftsbudsjettet er med utgangspunkt i rammene frå ekstraordinær budsjettrevisjon i april 2011 redusert for dei fleste sektorane. I budsjettforslaget er som hovudregel berre kommentert endringar i høve gjeldande økonomiplan.

Framlegg til investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2012-2015 byggjer på den vedtekne økonomiplanen for 2011-2014 og sektorplanar. Alle investeringssummar med unntak for avgiftsområda er budsjettert med bruttotal (inkl. meirverdiavgift). Oversikta viser samla investering i kommunen og dei to kommunale føretaka. Oversikt over investering splitta på kommune og føretak finn ein i vedlegg til budsjettokumentet.

Framlegg til samla investeringar pr. tenesteområde					
1000 kr	2012	2013	2014	2015	2012-15
Administrasjon og fellesfunksjonar	16 253	10 773	10 773	10 773	48 572
Bustad/næring/utbygging/grunnkjøp	500	1 000	1 500	1 500	4 500
Skule og barnehage	26 796	1 521	4 521	123 071	155 910
Helse og sosial	51 473	18 845	1 500	45 500	117 318
Kyrkje	31 500				31 500
Kultur, idrett	700	300	300	4 500	5 800
Brann, veg og grønt, teknisk	3 868	5 668	4 900	4 900	19 336
Vassverk	21 566	42 824	40 567	41 959	146 916
Avlaup	17 306	36 684	68 756	67 279	190 026
Samla investering	169 962	117 616	132 817	299 483	719 878

Samla finansiering, investeringsbudsjett					
1000 kr	2012	2013	2014	2015	2012-15
Overføring frå drift/momskompensasjon	15 350	5 642	3 819	30 539	55 350
Statlege overføringar	500	13 300			13 800
Sal av eigedom/bruk av fond *)					
Sum eigenfin. /tilskot	15 850	18 942	3 819	30 539	69 150
Låneopptak finansiert over drift	115 240	19 165	19 675	159 621	313 701
Lån finansiert med leigeinntekter	42 400	1 000	0	0	43 400
Sum lån ikkje sjølvfinansierande investeringar	72 840	18 165	19 675	159 621	270 301
Låneopptak avgiftsområdet	38 872	79 509	109 323	109 323	337 027
Samla finansiering	169 962	117 616	132 817	299 483	719 878

*) Kommunen har ikkje fond som kan nyttast til investering, noko som gjer at investeringane er finansierte med høg grad av lånefinansiering. Det er heller ikkje budsjettert med sal av eigedom. Ved

sal av eigedom skal 40% gå til nedbetaling av gjeld og 60% til vedlikeholdsfond jf . kommunestyresak 31/11.

5.1 Formannskapet

5.1.1 Politisk

Utgifter til politisk arbeid er vidareført på 2011-nivå. Det er sett av kr 200 000 til disposisjon for formannskapet. Det er løyvd kr 875 000 til kontrollutvalet si verksemd, inkl. mva. Det er ikkje framlegg om å løyva omsøkte kr 100 000 i ekstra tiltaksmidlar.

5.1.2 Administrasjon, fellesutgifter

Det er lagt inn 0,35 mill kr til utarbeiding av skulebruksplan for Stord kommune i 2012. I tillegg er det lagt inn 0,2 mill kr til vidareføring av anna overordna planarbeid. Oppgåver i 2012 vil vera oppfølging av arbeidet med bompengesøknaden for E39 Ådland-Tveita, trafikkkløysingar i sentrum, og mogeleg etterarbeid med kommuneplanen. Elles er driftsbudsjettet vidareført i høve til gjeldande bemanningsplan.

Det vart i 2011 sett av 0,7 mill. til oppgradering av kommunestyresalen med m.a. møbler, dataanlegg og elektrisk anlegg. Denne løyvinga vert følgt opp med 0,8 mill i 2012 for ferdiggjering av prosjektet. Løyvinga føreset at kostnader med ventilasjon vert ført over investeringsposten for enøk, innemiljø, brannsikring, HMS tiltak på bygg.

5.1.3 IKT

Støtteeining IKT drifrar IKT-tenestene i kommunen, og har særleg ansvar for å vurdere korleis ein møter den teknologiske utviklinga og korleis ein best nyttar den digitale teknologien. IKT-eininga samarbeider med andre kommunar om interkommunale løysingar. Deriblant om drift av løn, rekneskap -og økonomisystemet Agresso.

IKT-eininga har også ansvar for å drifte grunnskulane sine skulenettverk og maskinvare. Stord kommune leaser 950 datamaskinar til elevane, i tillegg har kvar lærar sin eigen berbare datamaskin.

I Heimebaserte Tenester har ein teke i bruk 60 handhaldne terminaler (PDA) til å køyre ei berbar utgåve av fagsystemet Visma Omsorg Profil. Dette vert nytta til dokumentasjon og effektivisering av administrative rutinar som t.d. køyrelister. I 2012 og vidare i økonomiplanperioden arbeid IKT-eininga vidare med desse satsingsområda:

1. System for elektronisk handel og etablering av integrasjon mot den Offentlege Marknadsplassen (kostnad 1,25 mill)
2. Ta i bruk og utnytte potensiale i allereie investerte løysingar. Med fokus på kontorstøttesystema (Microsoft), personal, løn og økonomisystemet Agresso samt sak/-arkivsystemet ePhorte samt dei integrasjonsløysingane som me allereie har mot desse systema i dag.
3. Syte for at naudsynt infrastruktur er på plass og sikre ei stabil drift (1,1 mill)

-
4. Følgje opp prinsippet om at data skal registrerast “ein gang ved kjelda”. For å få dette til lyt ein legge til rette for overføringar av data mellom ulike program

Som følgje av den økonomiske situasjonen er bemanninga ved ikt-avdelinga redusert med eitt årsverk. Driftsbudsjettet er elles nedjustert i høve til nivået for revidert 2011. Utviklingskostnader for ikt-program er i større grad finansiert over investeringsbudsjettet i 2012.

5.1.4 Kyrkja, kyrkjegardar

Kommunestyret godkjende 17.2.2011 sak 4/11 utbygging av ny gravplass i Frugarden. Reguleringsplanen viser om lag 2010 nye kistegraver, av desse 50 plassar i eit eige gravfelt for muslimar, og ca. 235 urnegraver. I minnelunden er det rekna plass til 690 urner. Gravferdslova seier at kommunen skal ha ledige graver til ei kvar tid tilsvarende minimum 3% av kommunen sine innbyggjarar. For Stord kommune vil dette innebera rundt 550 graver. I dag er det 317 ledige graver i kommunen. I 2012 er det lagt inn 31,5 mill kr til opparbeiding av halve gravplassen, om lag 1000 graver.

Dei siste åra har talet på gravferder lagt på rundt 100 i året. Landsgjennomsnittet for kommunar på tilsvarende storleik er 170. Folkevekst og endra alderssamansetnad tilseier at talet gravferder per år vil auka.

Stord kommunestyre innførte i desember 2008 ei ordning med eit tilskot på kr 5 000 til etterletne som vel kremasjon. Siktemålet var å få auke i bruken av urnegraver. Stord kyrkjelege fellelsråd administrerer ordninga, og har ansvar for at den vert gjort godt kjent. Rådmannen tek sikte på ein gjennomgang av ordninga på nyåret. Det er heller ikkje lagt inn midlar til ordninga i 2012. Det er for 2012 framlegg om å vidareføra løyvinga til Kyrkjeleg fellelsråd med same kronesum som for 2011, kr 6 710 000.

5.2 Driftsstyret

Driftsstyret sitt ansvarsområde er i hovudsak organisasjon- og administrasjonsspørsmål. Administrativ organisering og intern drift, særleg sjukefråvær, har hatt fokus i seinare år. I 2011 har ein sett ein auke i sjukefråværet. Målsettinga var 7% for det samla sjukefråværet medan det så langt ligg på om lag 9%. Rådmannen har i budsjettforslaget likevel sett måltalet for 2012 til 7,5%. Det er ikkje funne rom for ekstra midlar til særskilte tiltak/prosjekt for å auke nærvær på arbeidsplassane.

Fellespotten for kurs og utdanning er i budsjettforslaget vidareført som revidert 2011 med kr 368.200. Sjølv om den samla summen med det som er budsjettert på einingane ligg på rundt 2,5 mill kr, er dette for knapt for ein kompetanseorganisasjon som Stord kommune.

Over fleire år har Stord kommune hatt eit stabilt inntak av lærlingar på om lag 20 pr. år. Inntaket i 2012 er redusert til 15 nye lærlingar, med prioritet for Barne- og ungdomsarbeiderfag og Helse- og omsorgsfag. Avtalen med Opplæringskontoret er sagt opp med verknad frå 31.12.11. Det er ikkje driftsgrunnlag for kontoret vidare med berre Fitjar og Tysnes, og dersom det ikkje kjem andre innspel vil kontoret bli avvikla innan kort tid. Oppgåvene med lærlingverksemda må leggast tilbake til kommuneadministrasjonen. Innsparinga med tiltaket var rekna til 0,3 mill kr.

Det er oppretta ei administrativ stillingsgruppe der Strategisk leiing og personalsjefen saman med to av dei hovudtillitsvalde vurderer alle stillingar som vert ledige før dei eventuelt vert lyst ut for nyttilsetjing. Dette arbeidet vil halda fram i økonomiplanperioden med mål om innsparing på 2 mill i 2012 og 2,5 mill i kvart år vidare.

5.3 Komité for oppvekst og utdanning

Førebyggjande tenester som er organisert i Eining for sosial og førebyggjande tenester er omtala under kapittel 5.5. For området er det sett opp følgjande målsettingar for område oppvekst og utdanning for 2012:

MÅLEKART FOR OPPVEKST		
FOKUS-OMRÅDE	MÅLSETTINGAR	MÅLTAL 2012
Faglege utviklingsområde i barnehage, skule og andre aktuelle einingar	<p>Kommunen har barnehage og skular med i fylgjande prosjekt med eigne prosjektplanar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - leseprosjektet Lesedugleik i Stord kommune - språkmiljø og språklæring i barnehage og skule - tilpassa opplæring i grunnskulen i Stord kommune <p>- kulturell barnehagesekk</p> <p>- pilotprosjekt Barnehagen som læringsmiljø og dannelsesarena. Dette i regi av HSH, Norsk lærarakademi og Fylkesmannen</p> <p>- samarbeid kulturskulen/SFO/grunnskule</p> <p>- utvikling av ungdomsskulane i tråd med Stortingsmelding 22 , 2010/11</p> <p>- 3-årig familierettleingsprosjekt knytt til å førebyggja omsorgsovertaking /plassering utanfor heimen (Sunhordland interkommunale barnevern)</p>	<p>Framgang 0.5 poeng i lesedugleik nasjonale prøvar</p> <p>To skular er med i språkprosjektet. Barnehagane referansegruppe</p> <p>Talet enkeltvedtak etter Opplæringslova § 5-1 spesialundervisning uendra samla sett. Prosentvis færrest vedtak på ungdomstrinnet.</p> <p>Forstudie i 2012</p> <p>Minimum to barnehagar i Stord Kommune er med på dette</p> <p>Samarbeid mellom grunnskule og kulturskule er oppretta på minimum to skular</p> <p>Ungdomsskulane innfører arbeidslivsfag og valfag frå hausten 2012</p> <p>Auka kompetanse og auka kvalitet på tenesta i SIB</p>
Barn og unge med ulik kultur-og språkbakgrunn	<p>Alle barn og unge er deltakarar i sosiale samanhengar og er ressursar for kvarandre.</p> <p>Kvalitetssikra tiltak til minoritetsspråklege barn og unge i samsvar med rettane deira.</p>	<p>Få oversyn over barn/unge med minoritetsspråkleg bakgrunn si deltaking i fritidsaktivitetar</p> <p>Forprosjekt med sikte på justerte tiltak frå hausten 2012</p>

<p>Kvalitet på tenestene</p>	<p>Barn, unge og føresette opplever høg grad av brukarmedverknad</p> <p>Tenestene samordnar ytingane sine og har felles forståing spesielt med sikte på tidleg og nødvendig hjelp</p> <p>Tidleg innsats i barnehage og skule skal føra til mindre behov for spes.ped. i på mellom og ungdomstrinn</p> <p>Støtteteam for førebyggjande tiltak barnehage og skule</p> <p>Utvikla SFO til tilfredsstillande ordning med tanke på føresette sine behov for tilsyn (brukarundersøking til grunn)</p> <p>Einingane brukar sentrale og lokale kvalitetssystem målretta for å betra resultatata i eininga</p> <p>Skulane har oversyn over eigne kvalitetssystem med konkrete målingar og kartleggingar. Felles mål for omfanget av desse.</p>	<p>Aktuelle målingar viser framgang frå 2011</p> <p>Tenestene som arbeider med barn og unge har felles kriteria for tidleg innsats</p> <p>Skulen kan sjå resultat av tidleg innsats i barnehage. 1.-4.trinn i skulen er prioritert med omsyn til ressursar og tiltak</p> <p>Rettleiingstiltak overfor føresette aukar i forhold til i 2011</p> <p>Tilbod i SFO frå hausten 2012 som samsvarar mest muleg med brukarane sine behov for tilsyn</p> <p>Einingane gjennomfører obligatoriske målingar. KvalitetsLosen som felles kommunalt kvalitets-system.</p> <p>Tilstandsrapport for skule lagt fram for kommunestyret.</p>
<p>Fysisk aktivitet og helse-fremjande tiltak</p>	<p>Føresette har tilgang til informasjon og kunnskap om fysisk aktivitet og helse</p> <p>Prosjekt ”Sunn framtid” med vekt på kosthald og sunt levesett i høve overvektsproblematikk.</p> <p>Barn og unge opplever trygge og stimulerande leike- og opphaldsareal.</p>	<p>Foreldreorgana i skulane har tilbod om fagkunnskap frå ulike tenester i eit samordna system</p> <p>Førebyggja overvekt/fedme</p> <p>Alle reguleringsplanar og utbyggingsområde har leikeområde. Barnehagane og skulane har uteområde med universell utforming</p>
<p>Kompetanse</p>	<p>Einingane har tilsette med relevant kompetanse i tråd med prioriterte utviklingsprosjekt og sentrale føringar</p> <p>Tilsette i einingane får kompetanseheving innan utviklingsområda</p> <p>Kompetanseheving/kurs for assistentar i kommunale</p>	<p>Tenestene driv utan dispensasjon</p> <p>Aktuelle planar for kompetansetiltak vert gjennomført</p> <p>10 stk assistentar frå</p>

	og private barnehagar. 15 studiepoeng. Regi av HSH,NLA og midlar frå Fylkesmannen	private/kommunale barnehagar deltek
	Utarbeida plan for å sikra god rekruttering i barnehage og skule	Eigen plan innan 01.02.12

5.3.1 Skule, SFO

Resultata i skulen viser at utviklinga går i rett retning og i tråd med målsettinga. Forholdet mellom tal årsverk lærarar og tal elevar har vist ei positiv utvikling. Det har vore framgang i sosiale dugleikar, trivsel og fagleg rettleiing. Karakterar og grunnskulepoeng har dei siste åra hatt framgang og plasserer Stord kommune omlag på nasjonalt nivå i medhald av data frå Utdanningsdirektoratet/ skuleporten. Jf. og Tilstandsrapport for grunnskulen i Stord kommune 2010. Ny rapport vert lagt fram hausten 2011. Skulane har mange viktige prosjekt som støttar sentrale og lokale mål, som tilpassa opplæring og å auka elevane sin kompetanse på lesing. Målet er framleis tilpassa undervisning, som betyr at elevane kan bli ivaretekne i den vanlege undervisninga. Det har vore eit mål at frigjorte ressursar frå spesialundervisning skal bli verande i skulen og gi større rom for tilpassa opplæring. Omfanget av spesialundervisning har gått ned frå 7,8% i 2008 til at 6,2 % av elevane fekk spesialundervisning i 2010, mot 8,2 % på landsbasis. Skulane dekkjer utgifter til spesialundervisning til dei fleste elevane innanfor sine rammer.

Budsjettet for 2012 gir ikkje rom for å skjerma skulane for dei generelle nedskjeringane. Budsjettet for Stordskulen er redusert med 3,2 mill kr i høve 2011. Reduksjonane i budsjettet gjev mindre rom for delingstimar, skulemateriell, utstyr m.m. Budsjettframlegget har ikkje løyvingar til vidareføring av MOT-programmet frå hausten 2012, som gjev ei innsparing på 0,35 mill i 2012, 0,7 mill kvart år resten av planperioden. Felles kompetansemidlar for skulane er på nivå med 2011, men det er ikkje funne rom for nye vidareutdanningstilbod til lærarar etter sentrale avtalar i 2012 (om lag 0,15 mill kr). Budsjettframlegget legg til grunn delingstal 28 på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet.

I medhald av Stortingsmelding nr 22 om ungdomsskulane skal det innførast arbeidslivsfag og valfag i ungdomsskulane. Statsbudsjettet 2012 legg opp til at det skal innførast 2 skuletimar valfag i veka på 8. trinn frå hausten 2012, dette er innarbeidd i budsjettet.

Det er forslag om å utsetta oppstart av naudsynt rehabilitering av Stord ungdomsskule til 2015. L2 arkitektar har no bearbeida konkurranseprosjektet og har lagt fram ein justert kalkyle med ein samla kostnad på ca 150 mill kr for prosjektet. Ein legg opp til ein horisont på dette der kommunen har dekkja inn det akkumulerte underskotet før ein legg inn dette prosjektet. Som oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i sak 31/11 er det lagt inn midlar til modulbygg ("mellombels løysing") på Langeland skule med 24 mill. Utbygginga skal gjera skulen i stand til å handtera auken i elevar i krinsen og er føresett skal stå ferdig til skulestart august 2012.. Hystad skule er lagt inn i 2015 med investeringmidlar til nye areal som kan erstatta undervisningslokala i Paviljongen (brakke).

Når det gjeld SFO, er aktiviteten vidareført på 2011-nivå. Komite for oppvekst og utdanning har bede om at ein kartlegg foreldra sine behov for open SFO på skulefrie dagar og i sommarferien . Kartlegginga vert utført i løpet av hausten 2011.

5.3.2 Barnehagar

Alle i Stord kommune med rett til barnehageplass har fått plass i 2011. Frå hausten 2012 vil det også vera plass til dei som står på venteliste i dag. Det vil likevel vera behov for fleire barnehageplassar frå hausten 2012 grunna høgt fødselstal. Endeleg tal på søkjarar har ein likevel ikkje før søknadsfristen går ut i mars 2012. Sæ barnehage er godkjent for 30 nye plassar i forbindelse med nybygg. Dei ha meldt munnleg at dei vil søkje om godkjenning av ytterlegare 20 plassar. Det ligg og søknad frå ein ny familiebarnehage om å få oppretta 10 nye plassar frå 01.01.2012.

Offentleg tilskot til privat barnehagedrift vart lagt i det kommunale rammetilskotet frå 2011, dvs at dei private barnehagane får heile det offentlege driftstilskotet frå kommunen, mot tidlegare som øyremerkte midlar frå staten. Når det gjeld tilskot til dei private barnehagane, fylgjer kommunen forskriftene om likeverdig behandling mellom offentlege og private barnehagar. Dei private barnehagane har både skriftleg og ved orientering i komiteen gitt uttrykk for at dei kommunale satsane i Stord er låge. I budsjettet for 2012 er tilskotet til private barnehagar auka. Det skuldast at netto driftsutgifter i dei kommunale barnehagane er høgare enn i 2011 fordi det er fleire småborn i kommunale barnehagar. I tillegg skal tilskotet i fylgje statsbudsjettet/forskrifter auka frå 91 til 92 % av driftskostnaden i kommunale barnehagar frå august 2012. Tilskotet til private barnehagar aukar frå 82 mill i 2011 til 89 mill i 2012 og 93,4 mill i 2013, då dei nye plassane får heilårseffekt.

Tilskotssatsen på 92 % driftsutgiftene er vidareført i planperioden. Målsettinga er at tilskotet skal auka til 100 % i løpet av nokre år. Det vert lagt til grunn at auken vert kompensert i statsbudsjettet kvart år dersom kommunen skal klara å ta ein så stor vekst. I statsbudsjettet er investeringstilskotet til barnehagar foreslått fjerna frå 2012. Stord kommune har dei siste åra basert nye barnehageplassar på privat utbygging og drift. Om dette vil få konsekvensar for barnehageutbygginga i Stord gjenstår å sjå.

I investeringsbudsjettet til utstyr er det teke med 0,3 mil kr årleg til utstyr og 0,5 mill til miljøstasjonar og vognskur. Dette er gjort med bakgrunn i stor auke av småbarn i barnehagane og dermed behov for eigen skjerma stad for soving/oppbevaring av vogner. Skogatufto barnehage ligg inne i 2015 med kr 6 mill i investering. Barnehagen treng ei totalreovering etter snart 40 års drift.

5.3.3 Kulturskulen

Kulturskulen har pr. 01.10.11 704 elevplassar og 22 tilsette (13,64 årsverk). Skulen har auka elevplassane frå 2010 til 2011 med 22 plassar utan å auke undervisningsressursen. Det er framleis mange som står på venteliste. Lengst er listene på gitar, piano og teater. Talet elevplassar vil og auka frå 2011 til 2012. Dette vil skje ved at det vert sett i gong undervisningstilbod med store grupper. Noko som gjer at utgifter og inntekter til auka elevtal vil balansera.

Undervisningslokala i Kulturhuset er vurdert som lite eigna for musikkundervisning. Løyving vedteke i desember 2010 gjer at det i løpet av skuleåret 2011-2012 vil bli sett i gong tiltak for å forbetra dette og gjere at dei fleste undervisningsromma vil få ein akseptabel standard med omsyn til akustikk i romma, lydisolering og lydgjennomstrøyming.

Kulturskulen har saman med Fitjar kulturskule, HSH og Sunnhordland museum søkt om 442.000 i utviklingsmidlar frå øyremerkta statsmidlar til kulturskuleutvikling. Det vart tildelt kr 180.000 til kulturskulen. Det vil i løpet av våren 2012 bli sett i verk ulike prøveprosjekt i samsvar med søknaden.

Nye tiltak/prosjekt som er under vurdering er: Visuelle kunsthøgskule, dans for barn i førskulealder, parkour, design, maritim kulturkunnskap, kveding i SFO, rockeband i samarbeid med HSH, Write an Opera i SFO (i vinterferien). Nye tiltak vil auke elevplassane i kulturskolen med minimum 100. Dette sjølvsagt under føresetnad at det vert nok søkjarar til dei ulike tilboda.

I budsjettet er det lagt inn investeringsutgifter til 2 musikkbingar, dvs. ferdigproduserte øvingslokale med god lyd kvalitet. Det er lagt til grunn statleg delfinansiering av desse bingane.

5.3.4 Barnevern

Kapasiteten på barnevernstenesta har auka i 2011 ved at Sunnhordaland Interkommunale barnevernstenester (SIB) fekk 3 nye stillingar av øyremerkte statsmidlar og som skal dekkje Fitjar og Bømlo i tillegg til Stord. For å få ned kostnadane på tiltak pr barn, har ein tilsett personar med kompetanse som gjer at ein kan iverksetja tiltak for barn utan innkjøp av ekstern ekspertise. Drift av kontoret er budsjettert som i 2011 nivå inklusiv dei øyremerkte stillingane.

Nøkkeltal for oppfylging av meldingar, undersøkingar, tiltak og tilsyn, viser positiv utvikling. Barnevernet hadde i 2010 overskriding på budsjettet til tiltak i og utanfor heimen på ca 900.000 etter at budsjettet i budsjettrevisjonen for 2010 var auka med 3 mill. Auken på 3 mill vart vidareført i 2011. Det vert arbeidd systematisk med å få god oversikt over barn på tiltak og å kostnadsrekna alle tiltak når dei vert sett i verk. Det same gjeld samarbeidet med det statlege barnevernet. Avtaler med BUFETAT legg grunnlag for større refusjonar for dei mest omsorgskrevjande barna. På bakgrunn av utviklinga i 2011 er budsjettet til barneverntiltak redusert med 1 mill kr.

Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste har ikkje barnevernsvakt utanom vanleg kontortid. Rådmannen har fått i oppdrag å vurdere oppretting av barnevernsvakt i budsjettet for 2012. Ordninga inneber eventuelt at vakta skal gå på omgang mellom tilsette, og nye kostnader er difor utgifter til vakttillegg, totalt ca 400.000,- pr år. Det er lagt opp til at Stord sin del av kostnadene, 54,9 % eller kr 250.000 vert finansiert innanfor ramma til barnevernet. Det bør vera eit vilkår at også Bømlo og Fitjar kommunar går inn i ordninga.

5.4 Komité for næring, miljø og kultur

Følgjande målsettingar gjeld for området i 2012:

MÅLEKART NÆRING, MILJØ OG KULTUR 2012		
SATSINGS-OMRÅDE	MÅLSETTINGAR	MÅLE-PARAMETER FOR 2012
Byutvikling (Byutvikling, senterstruktur og samferdsle)	Stord skal vidareutviklast med eit levande sentrum og framtidssretta lokalsenterstruktur	Hovudprosjekt ferdig. Oppstart ombygging av Kulturhuset. Oppstart med arbeidet av nytt Torghus. Sal av tomt
Senterstruktur (Byutvikling, senterstruktur og samferdsle)	Stord skal ha eit effektivt, miljøvennleg og trafikkikkert transportsystem	”BRA-prosjektet” ferdig: (Tilrettelegging kollektivtransporten i sentrum med vekt på universell utforming.) Oppstart Rundkjøring E39, Vabakkjen.
Samferdsle (Byutvikling, senterstruktur og samferdsle)	Stord skal vidareutviklast med eit levande sentrum og framtidssretta lokalsenterstruktur	Reguleringsplan for ny veg kring Kulturhuset handsama, og eventuell veg ferdigstilt.
Estetikk (Estetikk, miljø og trivsel)		
Miljø (Estetikk, miljø og trivsel)	Miljø – klima: Stord kommune sin klima- og energiplan får status som kommunedelplan for klima og energi og med regelmessig rullering. Planen skal følgjast opp gjennom overordna planar. Tiltak og verkemiddel i planen skal vera styrande for kommunen sin miljøpolitikk	Miljø - klima: arbeidet med revidering av klima- og energiplan som kommunedelplan er starta Miljø – biologisk mangfald: Bekjempe svartelisteartar som vasspest og kjempebjørnkjeks
Trivsel (Estetikk, miljø og trivsel)		
Arbeid (Arbeid og næringsliv)	Nye arbeidsplassar innan reiseliv og kulturbaserte næringar Stord vert vidareutvikla som senter for handel og service	Stimulera til ny næring i gamle landbruksbygg Ny tilkomstveg til Amfi Stord regulert, og oppstarta.

Areal		
Samfunns-tryggleik og beredskap	Stord kommune skal ha fokus på samfunnstrykkleik og beredskap og vera ein trygg og god kommune å arbeida , bu og opphalda seg i .	<p>Prosjekt IKS brannvern vil stå i fokus for 2012.Ved evt. Realisering av prosjektet vil det bli utarbeidd felles brann - dokumentasjon for deltakarane.</p> <p>Kriseleiinga vert sett saman ved øvingar og øver evt. utanom dette Beredskapsgruppa planlegg 1-2 årlege øvingar</p> <p>Arbeid med samanhengjande beredskapsplanar Utvikla plan for ressursstyrking i særlege tilhøve Jamne møte mellom redningsetatane Utvikla teamarbeidet</p> <p>Etablera eit lokalt system for å følgja opp varsel frå Fylkesmannen om ekstremver</p>

5.4.1 Kultur og idrett

Kulturbudsjettet er eit samansett budsjett. Det inkluderer alt frå ulike tilskotspostar, prisar, stipend, fritidsklubbar og internasjonalt arbeid, til drift av kulturhuset. Det er rift om kinosalen, noko som vitnar om stor aktivitet både frå det lokale kulturlivet og andre kulturtilbydarar. Småsalen er i auka grad brukt til møte og konferansar. I symjehallen er det mest ikkje ledig tid. Kulturhuset er ein populær møteplass i sentrum. Budsjettet for Stord kommunale kino er innarbeidd i kulturbudsjettet.

Drifta blir oppretthalden på om lag same nivå som etter nedskjeringane våren 2011. Det ligg likevel inne kulturmidlar til fordeling til lag og organisasjonar med 0,25 mill kr. Prosjekt ”Aktiv fritid for alle” der prosjektleiarstillingen er statleg finansiert, er vidareført i 2012.

På investeringsida vert det løyvd midlar til tautrekka på scenen i Kulturhuset i 2012. (Det er nye krav til godkjenning av sceneriggjar frå 2012). Prosjekt ombygging av Kulturhuset er utsett og ligg inne med oppstart i 2015. Det er ikkje lagt inn midlar til Fyrøya i økonomiplanperioden. Det vert arbeid med eit ev samarbeid med Bergen turlag og Friluftsrådet og dersom dette fell på plass legg rådmannen opp til at det vert fremja som eiga sak. Formannskapet vedtok i juni 2010 dette:

-
1. Stord kommune er positiv til ei medfinansiering av ein ny 100 % stilling ved Sunnhordland Folkemuseum.
 2. Stord kommune vil rå til ein finansieringsmodell der 50 % av stillinga vert finansiert av Hordaland Fylkeskommune og 50 % vert finansiert av Sunnhordlandskommunane etter den fordelingsnøkkelen som Samarbeidsrådet kjem fram til.
 3. Det skal vera ei målsetting å innarbeida denne kostnaden gjennom ordinær budsjetthandsaming med verknad frå 2011.

Det er no lagt opp til at denne stillinga, som har nemninga ”kommunekonservator”, kjem på plass frå og med 2012. Det ligg inne i budsjettet kr 90 000 som skal dekkja Stord kommune sine utgifter til denne stillinga.

Kommunestyret vedtok 22.9.2011 å avvikla Stord idrettspark AS og overføra verksemda til Stord kommune. Bakgrunnen for saka var ei tilråding frå ei politisk arbeidsgruppe. Med utgangspunkt i dei prinsipp som ligg i tilrådinga frå arbeidsgruppa, vil rådmannen med det første fremja ei sak med framlegg til organisering og drift av kultur- og idrettsanlegga i kommunen. Kommunestyret har vedteke at det som ein del av denne omorganiseringa skal opprettast ei ny eining for kultur og idrett. I rådmannen sitt budsjettforslag er det lagt inn ressursar til ny stilling med arbeidstittel kultur- og idrettsjef frå ca 1.7.2012.

5.4.2 Bibliotek

Folkebiblioteket legg opp til drift om lag på same nivå i 2012 som i 2011. Samarbeidet med Nordbygdo ungdomsskule om eit utlånstilbod på skulen er vidareført. Prioriterte innsatsområde i 2012 vil elles vera å nå ungdom som brukargruppe, fremja bruken av Litlabø filial og gjennomføre ulike arrangement i biblioteket. Det bibliotekfaglege samarbeidet med dei andre Sunnhordlandsbiblioteka vil og verta vidareført. Biblioteket har i 2012 knappe budsjetttrammer noko som særleg rammar innkjøp av nye media.

5.4.3 Brann, redning og feiing

Budsjettet for ansvarsområde brann, redning og feiing legg opp til om lag same driftsnivå som i 2011. Det er ikkje teke høgd for budsjettavviket eininga har hatt i samband med høgt tal brann og ulukker tidlegare år noko ein erfaringsmessig veit vil variere frå år til år. Det er og ein usikkerhetsfaktor at ansvarsområdet er avhengig av betydelige inntekter gjennom utleige av personell. Det ligg inne kr 0,5 mill kvart år til fornying og vedlikehald av utstyr i planperioden. Feieavgifta er auka med 15% noko som og skal dekke auka kostnader i 2010 og 2011.

5.4.4 Beredskap

Kommunen må vera med på å halda oppe viktige samfunnsfunksjonar og ta vare på folk sine liv, helse og grunnleggjande behov under ulike former for påkjenning. Kommunane er pålagde generell beredskapsplikt med krav om heilskapleg og samordna kommunal planlegging av dette. Kommunen skal halda fram arbeidet med førebygging av kriser og sviikt i viktige funksjonar, betre organisering av beredskapsapparatet og effektiv handsaming av kriser. Beredskapsfondet som vart oppretta i 2011 med kr 0,5 mill er i 2012 redusert til kr 0,250 mill. Det er lagt inn kr 0,4 mill frå 2013 og kvart år vidare i

perioden til etablering av nytt naudnett i tråd med sentrale føringar. Den totale kostnaden med innføringa er ikkje avklart enno.

5.4.5 Veg, grønt og park

Fagområdet har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale vegar, trafikksikring, parkeringsplassar, park og grøntanlegg. Drifta er vidareført på om lag same nivå som i år. Det ligg inne kr 2,0 mill til kommunale veganlegg i 2012 og ein auke til 4,0 mill resten av planperioden. Revisjon av trafikksikringsplanen skal slutførast og det er lagt inn kr 0,6mill til trafikksikringstiltak i 2012 og 2013.

Avgiftsparkering er eit eige forretningsområde knytt til eininga. Kommunestyret vedtok i samband med referatsak 31/11 (Avgiftsparkering i Sæ parkeringshus Øvre Borggata – pris på årskort) slikt oversendingsframlegg til rådmannen:

1. Kommunestyret innfører tidsbegrenset parkering utan parkeringsavgift i Leirvik sentrum. Vedtaket gjelder parkeringsplasser eigd av Stord kommune.
2. Vedtaket er gjeldande frå 01.01.2012.

Rådmannen gjer framlegg om å innføre gratis parkering første time på Torget og ved Teknisk bygg frå 2012. Den utvida parkeringsordninga for sentrum har vore mykje debattert og det vert hevda at den har vore negativ for handelen i sentrum/Borggata. Rådmannen meiner fritak for avgift på dei nemnde plassar vil vera eit avbøtande tiltak i så måte. Budsjettforslaget har innarbeida auka inntekter på om lag kr 0,4 mill frå parkeringsavgifter i 2012.

Som del av omorganiseringa av drift av kultur- og idrettsanlegg skal fagavdelinga for park og grønt overførast til Stord kommunale eigeendom KF. Tilsvarande skal fagavdelinga for veg og parkering overførast til Stord vatn og avlaup KF. Rådmannen legg opp til at desse endringane trer i kraft frå 1.1.2012.

5.4.6 Landbruk, miljø og næring

Stord-Fitjar landbruk- og miljøkontor er vidareført på same nivå som i 2011. Det er ikkje lagt inn auke i gebyr og betalingsattsar. Det er føreslege tilskot/driftsstøtte til næringsarbeid m.m. i 2012:

- SNU AS, kr 1 025 000
- Atheno, prosjekt Ungt entreprenørskap, kr 65 000
- Business Region Bergen, driftstilskot, kr 117 000
- Hordaland olje og gass, driftstilskot, kr 50 000
- Haukelivegen AS, driftstilskot, kr 36 250
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland, kr 397 000

Det er i tillegg lagt inn kr 214 404 til reiselivssatsinga i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, tilsvarande kr 12 per innbyggjar. Satsinga skal evaluerast i 2012.

Kommunestyret vedtok dette i samband med ekstraordinær budsjettrevisjon 14.4.2011:

”Kommunestyret ber rådmannen å vurdera kommunen sitt næringsarbeid og engasjement i næringsorganisasjonar i samband med budsjettet for 2012.”

Bakgrunnen for den ekstraordinære budsjettrevisjonen og for vedtaket var behovet for å redusera utgiftene på driftsbudsjettet. Det er i budsjettet framlegg om å redusera løyvinga til SNU AS med kr 700 000 for å styrka budsjettbalansen. Forslaget er økonomisk motivert, ut frå kommunen sin økonomiske situasjon. SNU AS synest å ha høg aktivitet og å oppnå resultat innanfor sine område. Ein meiner likevel det bør vera mogeleg å få til ei slik innsparing no i.o.m. at selskapet no lyser etter dagleg leiar og forretningsutviklar.

5.4.7 Regulering, byggjesak, oppmåling

Eininga har merka at byggjeaktiviteten i Stordsamfunnet har gått ned, noko som har medført ei ekstra utfordring i høve til å nå inntektsmålet. RBO vart i 2011 forsterka med 0,5 årsverk som følgje av at ansvaret for arealdelen av kommuneplanen er overført til eininga.

Det er ei målsetting å budsjettera eininga for regulering, byggjesak og oppmåling i balanse. Det er ikkje framlegg om å auka gebyrsatsane, men inntektssida er styrka med prosjektinntekter. Det er m.a. lagt opp til at prosjektleiing m.m. for BRA-prosjektet (busslommer i Leirvik sentrum m.m.) vert finansiert over prosjektet.

5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg

Følgjande målsettingar gjeld for området i 2012:

MÅLEKART REHABILITERING, HELSE OG OMSORG		
FOKUSOMRÅDE	MÅLSETTINGAR	MÅLEPARAMETER FOR 2011
Planprosessar heildøgns- og dagplassar	Fleire plassar er vedtekne	Politisk vedtak om utbygging
Rekruttering	Etablert fleire rekrutteringstiltak	Auka tal søkjarar
Individuell plan	Individuell plan vert brukt som reiskap	Auke i tal på IP
Folkehelsearbeid	Gjennomført tiltak i høve partnerskap for folkehelsa	Tal gjennomførte tiltak
Samarbeid mellom kommunar og helseføretak	Det vert laga tiltak som er basert på samarbeid mellom føretak og kommunar. Bättre pasientflyt, rett behandling på rett stad til rett tid	Redusert tal på ferdigbehandla som ligg på sjukehus. Auka tal på inn- og utskrivingar på kommunale institusjonar Nye samarbeidsavtalar etablert
Teknologi	Full utnytting av innkjøpt dataverktøy	Alle mogleikar i eksisterande verktøy vert utnytta

Det er høg aktivitet innan rehabilitering, helse og omsorgstenestene. Budsjettrevisjonen med nedtrekk i vår har ført til ekstra fokus på effektivisering og innsparingar. Samtidig vert det jobba med førebuing til Samhandlingsreforma.

Økonomisk nedtrekk har ført til redusert bemanning/ vakante stillingar i einingane. Ein er difor meir sårbar for svingingar i funksjonsnivå og auka tal brukarar. Dei med størst behov vert framleis prioritert, men nokre av tenestene balanserer i høve fagleg forsvarlegheit.

I samband med Samhandlingsreforma har det i løpet av året kome ny lov for helse og omsorg, saman med ny Folkehelselov. Desse lovene erstattar m.a. sosialtenestelova og kommunehelselova.

Førebuande arbeid i samband med innføring av Samhandlingsreforma er i full gong. Reforma set føringar for at kommunen skal driva meir helsefremjande og førebyggjande arbeid. I tillegg skal kommunen overta enklare medisinske oppgåver frå sjukehuset, slik at ein kan nytta spesialistkompetansen på sjukehuset fullt ut. Det vert innført ei kommunal medfinansiering for medisinsk behandling på sjukehus og kommunen må overta utskrivingsklare pasientar umiddelbart. Alternativet er at kommunen må betala døgnpris for dei. For å kunne finansiera desse tiltaka får kommunen i 2012 kr. 20,5 mill.

Frå 01. januar 2016 skal kommunen og ha etablert tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp. Det er lagt opp til ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane får tid til å bygge opp dette tilbodet. Kommunane kan søkje om midlar til planlegging og konkrete prosjekt.

Kommunen deltek i fleire prosjekt i samarbeid med Helse Fonna, HSH og nabokommunar. Det såkalla Helsetorgprosjektet er med på å førebu kommunen til å møte dei nye utfordringane.

Rådmannen foreslår å bruke kr 0,5 mill av midlane knytt til samhandlingsreforma til 0,5 stilling som prosjektleiar for å koordinere arbeidet med reforma. Ein vil ei eiga sak koma attende til spørsmålet om korleis dette arbeidet skal leggjast opp.

Folkehelse er den samla helsetilstanden og korleis den fordeler seg mellom folk. Den er kanskje den viktigaste ressursen kommunen kan ha. Helse vert til der folk lever og bur. Kommunen si vanlege verksemd legg grunnlag for helse og kjensle av å ha det godt. Folkehelsearbeid er ei samfunnsoppgåve som må ta i bruk alle sektorar og samla arbeidet på tvers av sektorane. Ordninga med eigen folkehelsekoordinator vert ført vidare som eit partnerskap med fylkeskommunen for å samordna og utvikla dette arbeidet i tråd med føringane i ny lov om folkehelse. I samband med oppdraget om å etablere ei ny eining for idrett og kultur vil det vera naturleg å vurdere om arbeidet med folkehelse og friskliv kan knytast nærare til dette området.

Eitt av tiltaka etter den ekstraordinære budsjettrevisjonen i april 2011 var at modellen med ”pengar følgjer vedtak” vart avslutta. Dette medfører at alle einingane igjen vert rammebudsjettet. Ei vidareføring av nedtrekka i revidert budsjett og ingen auke i høve demografisk utvikling eller uføresette behov gjer budsjettet til ei rimeleg stor utfordring i møte med krav og forventningar frå innbyggjarane og tilsynsmynde.

I samband med Samhandlingsreforma vil kommunen få fleire nye oppgåver. Det er viktig at kommunen arbeider førebyggjande og helsefremjande i alle ledd, for å hindra at innbyggjarar opplever skader og sjukdom. Samtidig må kommunen byggja opp kompetanse for å kunne ta vare på dei som er utskrivingsklare frå sjukehuset, som ikkje kan reisa til eigen heim eller treng vidare opp trening.

Fleire bufellesskap vil stå ferdige i 2012. Nokre av dei som skal flytta inn her kjem frå barndomsheimen og brukar forholdsvis lite ressursar i dag. Nokre kjem frå psykiatrisk sjukehus, medan andre får omfattande tenester allereie. Ressursbruk som blir gitt i dag kan overflyttast til bufellesskapa og kommunen får refundert deler av utgifter til særleg ressurskrevjande brukarar. Likevel vil driftskostnadane ved desse bufellesskapa krevja auka rammer til RHO området.

Dei næraste åra er det behov for nye bufellesskap for personar med fysisk funksjonshemming og psykisk utviklingshemming. Ei oversikt viser at 13 personar vil ha behov for eit slikt tilbod innan 2014.

Nye dagtilbod for utviklingshemma ligg ikkje inne i budsjettet. Seks ungdommar kjem difor ut frå vidaregåande skule utan arbeids-/aktivitetstilbod i 2012 og ytterlegare 5 dei neste to åra. Til dels sterkt hjelpetrengande brukarar kjem frå vidaregåande skule til våren, og der er korkje areal eller ressursar til å gje desse eit aktivitetstilbod. Ei drøfting av korleis ein skal fordele ”godene” mellom dei som får eit tilbod i dag og dei som står utan vil tvinge seg fram.

Kommunen har oppretta fleire legeheimlar dei siste åra for å møte trongen for tilgjenge til fastlege og dei varsla endringane i lov- og forskriftsverk knytt til Samhandlingsreforma. Det vert krav om auka legearbeid knytt til sjukeheimar. Dette er ikkje teke med i budsjettet, men vil få verknad for korleis me nyttar dei statlege overføringane i samband med reforma (medfinansiering av sjukehusstenester). Staten forventar og auka bruk av legar i satsing på førebyggjande arbeid. Dette krev at kommunen er i stand til å utvikla gode prosjekt som gjev grunnlag for statleg støtte.

5.5.1 Sosialtenester, NAV

Økonomisk sosialhjelp er redusert i høve revidert budsjett 2011. Dette med bakgrunn i eit optimistisk syn på sysselsetjingssituasjonen i neste år. Kvalifiseringsprogrammet (KVP) og introduksjonsprogrammet er redusert med kr. 0,5 mill kvar på bakgrunn av forventa deltakartal og det er lagt inn kr. 0,250 mill i auka husleigekostnader i samband med ny avtale med NAV- stat. Rådmannen føreslår at me opprettheld tidlegare målsetjing og tek i mot 10 nye flyktningar også neste år. Integreringstilskotet er auka med kr 1,0 mill grunna forventa familiesameiningar.

5.5.2 Sosial og førebyggjande tenester

Eininga er vidareført på omlag same nivå som revidert budsjett i 2011, men nedtrekket er fordelt noko annerleis. Konsekvens av dette er at helsestasjon for ungdom er redusert til ein dag i veka, ventelistene på PPT vil auka og nokre skular vil periodevis vera utan helsesøster. Lågterskeltilboda Støtteteamet, tillitspersonordninga og foreldrerettleiingskurs er prioritert vidareført neste år. Overføring til Krisesenter Vest IKS er auka med kr 0,192 mill til totalt kr 0,836 mill i samsvar med budsjettforslag frå krisesenteret. Ordninga med tilskot til aktivitetssdag for ungdomsskulane er ikkje vidareført.

5.5.3 Habilitering

Drifta er vidareført i samsvar med nedtrekka som vart gjennomførte i 2011. Det er ikkje lagt inn midlar til nye timar for avlasting i heimen, døgnavlasting, støttekontakt eller omsorgsløn.

Det er planlagt oppstart av to nye bufellesskap i 2012. Nytt bufellesskap ved Sæbøhaugen vert drifta frå ca. 1. januar ved omdisponering/effektivisering. Bufellesskapet i Knutsaåsen er lagt inn med drift frå ca. 1. september. Kostnad i 2012 er kr 1,6 mill med ein årskostnad på om lag kr 4,8 mill. Bygging av nye dagplassar ved Sæbø gard er utsett til 2015.

5.5.4 Institusjonsdrift

Ramma til Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter er redusert i høve revidert budsjett 2011. Dette medfører ein realnedgang i ramma og når heller ikkje overheng løn og prisvekst er kompensert er konsekvensen reduksjon i drifta. Det medfører igjen reduksjon i tal årsværk på om lag 2,5 pluss at ein del driftspostar vert reduserte. Auke i inntekter kompenserer noko av konsekvensane.

Planlagt oppstart bygging av nye institusjonsplassar er utsett til 2015, men det ligg inne planleggingsmidlar i 2012, 2013 og 2014 med kr 1,0 mill kvart år. Utsetjinga medfører rimeleg store utfordringar med tanke på underdekninga ein har i dag og set krav til ei justering av planane og organisering av Ådland helse og omsorgssenter (størrelse og driftsform av bustadane). Dette prosjektet er planlagt ferdig i mars 2013 og er budsjettert med kr 48,2 mill i 2012 og kr 17,0 mill i 2013. Prosjektet skal vera sjølvfinansierende (statstilskot, mva kompensasjon og husleige).

5.5.5 Aktivitet og rehabilitering

Rådmannen foreslår å bruke kr 2,0 mill av midlane knytt til samhandlingsreforma for å kunne auke til full drift av alle sengeplassane på rehabiliteringssenteret frå om lag 1. mars 2012. Elles vert drifta vidareført på nivå med revidert 2011 budsjett. Konsekvensen av dette er at ein ikkje har dagrehabilitering og at ein må la 0,5 stilling fysioterapeut og 0,5 stilling ergoterapeut stå ledig. Dette står ikkje i høve til befolkningsutviklinga og auka krav til førebygging og samhandling, men er ein konsekvens av økonomisituasjonen. Det er lagt inn kr 0,850 l til naudstraumsaggregat, men ikkje funne rom for ny bil til transport av funksjonshemma.

5.5.6 Heimebaserte tenester

Rammene til heimebaserte tenester er redusert i høve revidert budsjett. Dette medfører ytterlegare reduksjon i tal årsverk (tilsvarande 4,5 årsverk frå 1. januar 2012). Arbeidet med effektiviseringstiltak og samlokalisering må ha fokus. Det er lagt inn kr. 0,1 mill til investering i mobilt utstyr kvart år i økonomiplanperioden. Drift av nytt bufellesskap Apalvegen er finansiert med oppstart 1. mars. Prosjektet har 1,6 mill i kostnad i 2012, årskostnad er kr 1,9 mill.

5.5.7 Kundetorget

I forbindelse med ekstraordinær budsjettrevisjon i 2011 vart resursoverføringsmodellen innan pleie og omsorg avvikla. Budsjetta for tenester i heimen m.m. vert no budsjettert som rammer på driftseiningane i pleie og omsorgstenestene. I kundetorget er det igjen utgifter til brukarstyrt personleg assistent, tilskot til Podlen Verkstad og avtalar med andre utanom den kommunale driftsorganisasjonen. Desse tenestene er prisjustert i samsvar med avtaler.

Utviklinga etter endringa har vore ein sterk auke i endringsmeldingar, i tillegg har det særleg frå august 2011 og vore ein vesentleg auke nye søknader. Det har ført til auke i restansar på vedtak. Pr sept 2011 var restansen 427 saker, derav 88 evalueringar, 98 endringsmeldingar og 241 nye søknader. Til samanlikning var restansane i februar 280 saker. Restansane har gått ned i september, målet er at det skal verta balanse mellom nye søknader og vedtak, som vil sei om lag 150 til 160 ferdige saker kvar mnd. Samstundes vart stillingsressursane reduserte som konsekvens av den ekstraordinære budsjettrevisjonen. I tillegg til restanselistene er det til ei kvar tid meir eller mindre akutt, avvik som skuldast mangel på sjukeheimsplassar.

Spesialpedagogisk hjelp til barn i private og kommunale barnehagar har hatt ein sterk auke i sakyndig tilrådingar, vedtak og utgifter i 2011. Grunnen til dette er slik ein ser det todelt, økonomien til barnehagane gjer at dei vanskeleg kan ivareta barn med spesielle behov innanfor dei vanlege driftsrammene, men og at det er blitt meir fokus på tidleg hjelp og at det er viktig å setja inn hjelp i barnehage og dermed redusera behovet for hjelp når barnet tek til i skule.

Midlar til spesialpedagogisk undervisning som skulane har fått tilført til elevar som skal ha 1 til 1 undervisning er vidareført på nivå med skuleåret 2011/12. Det ligg ikkje midlar i budsjettet for 2012 til å ta unna for auke i spesialpedagogisk hjelp i barnehagane, spesialpedagogisk undervisning i skule og funksjonshemma i SFO. Rammene tilseier at tenesta vert vidareført på tilsvarende nivå som 2011. Det betyr at nye saker krev at andre saker vert avslutta. Dette vert ei særleg utfordring i.o.m. at skule og barnehagar får redusert rammene sine komande år.

5.5.8 Bustader for personar med særskilte behov

Planlagt bygging av 21 bustader vert gjennomført 2011 og 2012. Husværa er 100% finansiert av Husbanken med lån og tilskott og skal etter planen vera sjølvfinansiert med husleige som skal dekke lån (renter og avdrag) og FDV kostnad. Det ligg ikkje inne midlar til bygging av fleire bufellesskap i planperioden.

5.6 Kommunale føretak

Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingssatsar og avgifter. Kommunestyret vedtek budsjetttrammer for Stord vatn og avlaup KF. For Stord kommunale eigedom KF fastset kommunestyret budsjett inklusiv internhusleige.

Etter at kommunestyret har vedteke budsjettet skal styret for føretaket utarbeida eit spesifisert budsjett som skal sendast fylkesmannen i samsvar med retningslinene i §2 i Forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsmelding for kommunale føretak.

Styret for føretaket har mynde til å omdisponera midlar mellom budsjettformål og/eller prosjekt innanfor føretaket sine budsjetttrammer. Omdisponeringar skal leggjast fram som meldingssak til kommunestyret. Slike omdisponeringar skal likevel ikkje vera i strid med økonomireglementet om avgrensingar og føresetnader knytt til fullmakter, dvs at endringane ikkje skal vera i konflikt med mål og prioriteringar i årsbudsjettet eller andre politiske vedtak. Føretaka sine budsjettframlegg følgjer som vedlegg til kommunebudsjettet.

5.6.1 Stord kommunale eigedom KF

Overføringa til føretaket er todelt. Kommunen kjøper reinhaldstenester og vert belasta med ei intern husleige. Internhusleiga skal reflektera kostnaden ved arealbruk, og skal dekke føretaket sine drifts- og kapitalkostnader og vedlikehald. Rådmannen tilrår å kjøpe reinhaldstenester for 17,9 mill kr som er ein auke på 0,9 mill kr frå revidert budsjett 2011.

Rådmannen gjer vidare framlegg om at den samla internhusleiga vert sett til kr 91 517 252 og at overføringa til kommunen vert sett til kr 105 555 418. Tidlegare har opptent momskompensasjon i føretaket tilfalle kommunen, i tillegg til overføringa. Dette vert no endra slik at føretaket beheld momskompensasjon både på drift og investering. Dette lettar rekneskapsrapporteringa/årsavslutninga og arbeidet med momsoppgjer. Inntekter frå momskompensasjon for 2012 er i føretaket budsjettert med kr 27,0 mill. Av dette skal 13,9 mil overførast til investeringsrekneskapen (60% av momskompensasjon på investering).

Det er heilt naudsynt å rusta opp kommunale bygningar, men rammene for driftsbudsjettet tillet heller ikkje i år at det vert sett av tilstrekkeleg løyvingar til dette føremålet. For å vidareføra aktiviteten i eigedomsføretaket på nokolunde same nivå gjer rådmannen framlegg om at påkostingar, dvs. planlagde tiltak som aukar standarden på bygga i høve til det opprinnelige nivået, i større grad vert finansiert over investeringsbudsjettet. Det er lagt opp til auka investering i føretaket innanfor enøk, innemiljø, brannsikring og HMS-tiltak på kommunale bygg med til saman kr 9,5 mill.

Endringane som gjeld føring av momskompensasjon og i større grad finansiering av påkostingar over investeringsbudsjettet gjer det vanskelegare å samanlikna føretaket sine budsjett for 2011 og 2012. Oppsettet under syner at også Stord kommunale eige-dom KF går inn i 2012 med noko redusert driftsbudsjett, med 1,2 mill kr i høve til 2011. Føretaket har likevel i sitt budsjettforslag lagt opp til å dekkja inn 1,5 mill kr av akkumulert underskot over 2012-budsjettet. Rådmannen legg i staden opp til at føretaket sitt samla underskot på 5,9 mill kr vert dekkja inn over basisorganisasjonen sitt driftsbudsjett.

Budsjett Ske KF	2011	2012
Samla internhusleige	93 786 996	91 517 252
Reinhaldstenester	17 000 000	17 963 975
Auka investering/prosjektfinansiering		9 500 000
Momskompensasjon netto		13 300 000
Overføring til kommunen	-82 730 050	-105 555 418
Netto disponibelt	28 056 946	26 725 809

5.6.2 Stord vatn og avlaup KF

Investeringane innanfor avgiftsområda, vassforsyning og avløp, er i stor grad basert på tiltaksprogrammet i hovudplanane (kommunedelplanane) - hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avløp. Tiltak i desse planane er styrande for prioritert utbygging av vatn og avløpsanlegg. Kommunedelplan for avløp er revidert i 2005, og kommunedelplan for vassforsyning blei revidert i 2006. På avløpssida er dei nye vedtekne reinsekrava frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) med og overstyrer kommunedelplanen. Budsjettet for 2012 - 2015 har med estimerte konsekvensar som denne endringa på avløpssida fordrar. Dersom desse krava blir endra vil dette få følgje for investeringsnivå og følgeleg avgiftsnivået vidare framover. Det er lagt opp til ei investeringsramme innanfor vassforsyning på 21,6 mill i 2012, avlaup og reinsing 17,3 mill. Det vert elles synt til vedlagde budsjettframlegg frå KF'et. Rådmannen gjer framlegg om at kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

Føretaket legg opp til følgjande kommunale eigedomsgebyr for 2011:

Eigedomsgebyr 2011 (eks mva)	2011	2012	Auke kr
Vassavgift			
Årsavgift vanleg bustad	3 013	3 188	175
Tilknytingsavgift	15.000	15.000	0
Avløpsavgift			
Årsavgift vanleg bustad	3 739	3 739	0
Tilknytingsavgift	15.000	15.000	0
Slamtømming			
Årsavgift bustad (4 m ³)	740	740	0
Årsavg. fritidsbustad (4 m ³)	380	380	0
Renovasjon			
Standard løysing SIM	1 815	1 902	87
Kommunal eigendel	100	100	0

6. Finans, avgifter, betalingsattsar

6.1. Gebyr og betalingsattsar

Dei kommunale vatn, avlaup og renovasjonsavgiftene vert fremja av det kommunale føretaket Stord vatn og avlaup KF, jf. avsnitt 5.6.2 over.

Budsjettforslaget har innarbeida ein avgiftsauke på 15% på gebyr for feiing og branntilsyn. Dette for å dekke inn tidlegare underskot innanfor området. Elles er det ikkje lagt opp til avgiftsauke. Saker om betalingsattsar vert lagt fram for komiteane i medhald av gjeldande fullmakter.

6.2 Finansinntekter og –utgifter, lånegjeld

Kommunen si samla lånegjeld eksklusiv startlån vil ved utgangen av 2011 vera på kr 1 030 mill. Stord hamn sin del av gjelda er kr 3,2 mill. Kommunen har vidareutlånt startlån for kr 89,7 mill. Netto kommunal gjeld vert kr 937,1 mill.

Minimumsavdrag er rekna ut etter lånegjelda pr 01.01.2012, eksklusiv startlån. Fylkesmannen legg til grunn at vi betaler 3,5% av denne lånesaldoen i minimumsavdrag, dette gir eit avdrag i 2012 på kr. 36,4 mill. Dette er innanfor kommunelova sitt krav til minimumsavdrag. Det er lagt til grunn minimumsavdrag for heile planperioden.

Foreslått låneopptak i perioden (1000 kr)	2012	2013	2014	2015
Startlån	25 000	25 000	25 000	25 000
Avgiftsfinansierte låneopptak	38 872	79 509	109 323	109 323
Andre lån	115 236	19 165	19 675	164 822
Sum låneopptak	179 108	123 674	153 998	463 967

Lånegjeld per 31.12 (mill kr)	2011	2012	2013	2014	2015
Total lånegjeld	1 030	1 173	1 255	1 364	1 613
Formidlingslån/startlån	-89,7	-112,2	-134	-157	-179
Eigne lån	940,3	1 061	1 121	1207	1 434
Utlån til Stord Hamnevoll	-3,3	-3,1	-3,0	-2,9	-2,8
Lån finansiert over VA-området	-401,2	-430	-500	-599	-857
Sum lån ekskl. VA og hamn	535,8	627,9	618,0	605,1	574,2

Berekena renter og avdrag (1000 kr)	2012	2013	2014	2015
Renteutgifter ekskl. startlån	46 985	49 942	53 712	61 851
Avdragsutgifter	36 400	40 516	44 667	50 022
Sum rente og avdrag	83 385	90 458	98379	111 073

Det er lagt til grunn ei flytande rente på 3,1% i 2012 og fast rente berekna etter dei låneavtalane kommunen har i dag. For 2012-2015 er det rekna med ei gjennomsnittleg flytande rente på 3,5%. Det er vidare lagt opp til at nye lån som vert tekne opp i gjennomsnitt vert nedbetalt over 30 år.

I årsbudsjettet for 2012 er det forventa slik avkastning på kommunen sine midlar:

Aktivklasse	Kapital 1000 kr	Forventa avkastning i %	Budsjettetert uttak avkastning i 1000 kr.
Lån egne selskap og idrettslag/kontanter	9 000	3,50 %	300
Pengemarknad	60 000	3,40 %	2 000
Obligasjonar	50 000	3,50 %	1 700
Aksjar	40 000	7,00 %	2 800
Andel kraftselskap			3 175
Renter av andre plasseringar og utlån			6 460
Sum			16 435

Andre plasseringar er m.a. startlån (ca 2,9 mill), renter av bankinnskott, skattetrekkkonto, morarenter (0,5 mill).

7. Vedlegg

7.1 Økonomiplan drift 1A

7.2 Økonomioversyn drift 2A

7.3 Netto ramme fordelt einingsvis

7.4 Netto ramme fordelt komitevis

7.5 Nettoramme per teneste, ansvar, komite

7.6 Investeringsbudsjett

7.7 Spesifikasjon investering i basisorganisasjonen

7.8 Spesifikasjon investering i Stord kommunale eigedom KF

7.9 Spesifikasjon investering i Stord vatn og avlaup KF

7.10 Samla investeringsramme Stord kommune

7.11 Budsjettframlegg Stord kommunale eigedom KF

7.12 Budsjettframlegg Stord vatn og avlaup KF

7.13 Spesifikasjon investeringar Stord vatn og avlaup KF

7.14 Budsjettframlegg Kontrollutvalet

7.15 Eigedomsskatt